

Årsmelding 2024



Foto: Screen Story /Vestland fylkeskommune

SAMAN
OM



Miljøløftet

Føreord

I årsmeldinga oppsummerer vi aktivitetar og tiltak som var finansiert gjennom Miljøløftet i 2024. Vi rapporterer også på eit sett med indikatorar som skal vise om vi når måla i avtalen, og vi gir status på økonomien i Miljøløftet.


Ei av dei viktigaste hendingane i 2024 var det såkalla kompromissforslaget om bybanen til Åsane. Både fylkestinget og bystyret i Bergen vedtok å gå for ein tunneltrasé gjennom sentrum, med underjordisk haldeplass ved Sverresborg. Reguleringsarbeidet for traseen gjennom sentrum er no starta. Når bygging av bybanen kan starte er førebels usikkert, og avheng mellom anna av at staten og lokale partar blir einige om finansiering.

I tillegg har året bydd på opningar og byggestart av større og mindre prosjekt i heile avtaleområdet. I Alver er arbeidet med å legge betre til rette for mjuke trafikantar i Sagstadvegen i full sving. Prosjektet i Kvernhusdalen på Askøy opna i august, medan det pågår arbeid på Myrane, der ein bygger trafikksikker infrastruktur i eit område med fleire skular, idrettshall og helsehus. I Øygarden har arbeidet med ei gå-venleg sentrumsgate i Grønamyrvengen på Straume starta. Kommunen har òg jobba med å få på plass innfartsparkering på Ågotnes. Ein kunne også endeleg ta første spadetak i gang- og sykkelvegprosjektet i Hatvikvegen i Bjørnafjorden.

I Bergen har det vore oppstart av to delstrekningar på den planlagte sykkelstamvegen, som vil gi ein samanhengande trasé frå nord til sør i Bergen når den er ferdigstilt. Strekningane som no er under bygging er mellom Bradbenken og Glass Knag, og mellom Nesttun og Skjold. Hausten 2024 kom verdas lengste komposittbru, 42 meter lang, på plass på Paradis, og skal gjere det enklare å ferdast for gåande og syklende. Brua er ein del av prosjektet med å bygge ny infrastruktur og utvikle Paradis som knutepunkt.

Målet til Miljøløftet er at det ikkje skal bli meir biltrafikk enn slik nivået var før byvekstavtalen blei inngått, og i 2024 har vi oppnådd dette. Trafikknivået i 2024 var det same som i 2018. Samtidig har det vore ein auke i bruk av kollektivtrafikk. Både buss, bybane, hurtigbåt og tog hadde betydeleg fleire påstigningar i 2024 enn i 2018.


Det er fire år igjen av byvekstavtalen, men Samferdselsdepartementet har signalisert eit ønske om å reforhandle avtalen. Dei har derfor, saman med partane i Miljøløftet, sett i gang eit arbeid med ei byutredning, som skal danne grunnlaget for reforhandling. Vi ser fram til å følgje dette arbeidet vidare, og er spente på resultata som er venta i løpet av 2025.




Innhald

Føreord	2
Nøkkeltal økonomi 2024	4
Status økonomi	4
Status måloppnåing	5
Miljøløftet	9
Om Miljøløftet	10
Organisering	11
Styring	12
2024	13
Milepælar 2024	14
2024 i tal	15
Satsingsområde: Gange og sykkel	18
Satsingsområde: Kollektiv	29
Satsingsområde: Innfartsparkering	31
Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon	32
Effektiv arealbruk	38
Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet	41
Bypakke Bergen	44
Bompasseringer	44
Økonomi	45
Oversikt	46

Nøkkeltal økonomi 2024



Status økonomi




Status måloppnåing

Måloppnåinga i Miljøløftet blir tal festa gjennom indikatorar som er bestemt i byvekstavtalen. Trafikkutviklinga for persontransport med bil blir stadfesta gjennom byindeksen. Dette er hovudindikatoren for nullvekstmålet. Det er også fleire støtteindikatorar som skal gi eit heilskapleg bilete av transport- og arealutviklinga i avtaleområdet. Desse inkluderer teljing av kollektiv- og sykkeltrafikk, arealbruk, parkering, utslepp av klimagassar (CO₂-ekvivalentar) og reisevaneundersøking (RVU).


Byindeks

Byindeksen måler utvikling i trafikkmengda i ei rekke teljepunkt i heile avtaleområdet. Tala for 2024 målast opp mot referanseåret 2018. I tillegg er det ein glidande indeks som måler snittet for dei tre siste åra.

Byindeksen viser at trafikkmengda i 2024 var den same som i 2018 (0 % endring). Trafikkmengda er også uendra i forhold til 2023. Det treårige snittet har i lengre tid vore på eit lågare nivå enn referanseåret 2018, noko som primært har skuldast det låge trafikkvolumet under koronapandemien. Etter kvart som det treårige snittet har blitt mindre påverka av pandemien, ser vi at snittet har auka, og er no 0,1 prosent lågare enn 2018. Februar 2025 vil vere første månad der snittet ikkje er direkte påverka av pandemien.




Byindeks 2018–2024




Kollektivtrafikk

Indikatoren for kollektivtrafikk viser antal påstigingar i byvekstvtaleområdet. Bruken av kollektivtrafikk vart prega av pandemien, men har vore på veg opp igjen sidan den gang. I 2024 var det ein auke i forhold til året før, og samla sett var det 26 prosent fleire kollektivreiser enn i referanseåret 2018. Mykje av utviklinga kan tilskrивast opninga av ny bybanelinja til Fyllingsdalen i november 2022. Likevel ser vi at også tala for buss, båt og tog er høgare enn i 2018.




Kollektiv (påstigingar)




Sykkelindeks

På same måte som med byindeksen for biltrafikk, måler sykkelindeksen trafikken gjennom fleire målepunkt på sykkelvegnettet. Det er likevel større usikkerheit i tala fordi indeksen har færre målepunkt og det generelt er meir utfordrande å telje sykkeltrafikk enn biltrafikk. Rapporteringane frå sykkelindeksen har derfor gitt store variasjonar gjennom avtaleperioden som vi ikkje har ein god forklaring på. Det blir arbeidd med å etablere fleire målepunkt for sykkel i Bergensområdet. Teljingane inkluderer ikkje trafikk gjennom Fyllingsdalstunnelen og Kronstadstunnelen.



CO₂ utslepp frå vegtrafikk

Sidan 2018 har det vore ein nedgang i utslepp av klimagassar frå vegtrafikken. Denne trenden heldt fram i 2023, som er det seinaste året vi har måling for. I same periode har andelen nullutsleppskøyretøy på vegane auka frå 18 prosent i 2018 til 47 prosent i 2024.




Reisevaneundersøkinga viser antal reiser per dag og fordelinga mellom dei ulike transportmidla. Tala viser mellom anna at vi reiser mindre enn før. I 2024 var det 2,57 reiser per person per dag, litt færre enn året før og om lag 10 prosent færre enn i 2018.

Når det gjeldt fordelinga mellom transportmidla er det stort sett uendra sidan 2023. Samanlikna med 2018 er det likevel blitt ein mindre andel som reiser med bil, enten som sjåfør eller passasjer. Andelen gåande og syklande har auka, og er no på høvesvis 24 og 4 prosent.

Reisemiddelfordeling 2024

Endringane i reisemiddelfordelinga er i prosentpoeng. Kategorien "anna" visast ikkje her.




Turar per person, per dag

Turar per person, per dag


2018: 2,86 | 2024: 2,57

- 10,1 %

Turar per person, 2018–2024



Reisemiddelfordeling 2018–2024



Del
01
Miljøløftet



Om Miljøløftet


Gjennom byvekstavtalene samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil. Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet.

Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og

kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune.

Miljøløftet skal bidra til ei framtidsretta utvikling av Bergensområdet. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

Byvekstavtalen



Organisering

Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyring og mål- og resultatstyring. Medlemmane er ordførarar eller byråd frå dei fem kommunane, fylkesordførar og representantar frå dei statlege partane. Dei avgjer kva for prosjekt som skal prioriterast og korleis pengane i Miljøløftet skal brukast.

Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet består av representantar frå administrasjonen hos partane og fungerer som eit forbere-dande og rådgjevande organ for styringsgruppa. Som regel vert saker handsama i prioriteringsrådet, som foreslår vedtak, før det vert handsama av styringsgruppa.

Samordningsfunksjonen

Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyring. Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske

problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark og vurdere prosjekta opp mot kvarandre. Samordningsfunksjonen arbeider på vegne av alle partane i Miljøløftet.


Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhus, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og vurderer prosjekta innafor sitt område .

Sekretariatet

Sekretariatet er eit saksforberedande organ som koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen på vegne av alle partane i Miljøløftet, og legg til rette for god porteføljestyring og rapportering av økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit særskilt ansvar for kommunikasjon.

Organisasjonskart




Styring

Porteføljestyling

Alle partane kan spele inn forslag til tiltak eller prosjekt som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Forslaga blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestyling. Porteføljestyling vil seie at prosjekta blir prioritert basert på ei heilskapleg vurdering av

måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. I tillegg skal arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestylinga.

Porteføljestyling i Miljøløftet



Årleg avgjerdsprosess

- Basert på innspelte prosjekt, arbeider samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet saman med sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i mars. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir behandla i Fylkestinget i desember.
- Kvart år rapporterer Miljøløftet på kostnad og måloppnåing gjennom årsmeldinga.

Del
02

2024



Milepælar 2024



14. mars

Endeleg vart det byggestart på gang- og sykkelvegen langs Hatvikvegen i Bjørnafjorden.
Foto: Anders Kjetland



5. mai

Morgonutdeling for å markere Sykle til jobbenaksjonen og oppstart av arbeidet med sykkelveg mellom Bradbenken og Glass Knag.
Foto: Anders Kjetland



2. oktober

Bergen kommunestyre og Vestland fylkesting vedtok kompromissforslag om bybanetrasé til Åsane.
Foto: Iver Daaland Åse/Bybanen Utbygging

2024

Januar

Februar

Mars

April

Mai

Juni

Juli

August

September

Oktober

November

Desember

2025



3. mai

Byggestart av sentrumsgate i Grønåmyrvegen vart markert i samband med Sykle til jobbenaksjonen i mai.
Foto: Anders Kjetland



20. august


Ordførar Ynge Fosse kunne opne gang- og sykkelvegen i Kvernhusdalen, det første Miljøløftet-prosjektet i Askøy kommune.
Foto: Erlend Otterå



28. november

Over 400 elevar var på plass under opninga av verdas tyngste og lengste komposittbru over Paradis.
Foto: Silje Alvsaker

2024 i tal



Denne oversikta gir eit forenkla bilete av kva Miljøløftet har produsert i 2024. Det blir rapportert på strekningar som er ferdigstilte det aktuelle året. Definisjonen av ferdigstilt er at "endeleg løysing er tatt i bruk". Dermed vil delar av eit prosjekt som er tatt i bruk teljast med, sjølv om ikkje heile prosjektet er ferdig.

Sykkel og gange

Det er ulike måtar å telje kor mange meter sykkel- og gangveg som er bygd. Vi har vald å telje begge retningane for dei strekningane som har høg kvalitet, og som legg til rette for to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning. Gode løysingar med fortau/sykkelfelt på begge sider av ein bilveg blir til


dømes talt to gonger. Ein sykkelveg med fortau blir talt dobbelt for sykkel (om løysinga har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning) og enkelt for fortau, med mindre det er fortau på begge sider av sykkelvegen.

Kollektivtransport

Det er også ulike måtar å telje kor mykje kollektiv infrastruktur som er bygd. Vi har vald å telje ferdigstilte strekningar inneverande år. Ettersom ein ikkje kan ta i bruk infrastruktur for kollektivsystem før heile anlegget er ferdig, blir det her rapportert på framdrifta i prosjekta det gjeldande året. På same måte som for sykkel og gange tel vi begge retningar for løysingar som har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning.

Satsingsområde: Gange og sykkel

Bergen




Gange og sykkel

1. Sykkeltelling i Bergensområdet
2. Framkommelighetstiltak sykkel
3. Fv5200 Infrastruktur Paradis
4. Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet
5. Klostergaten
6. Gang og sykkel langs Bybanen BT4
7. Hjeltestadvegen
8. Sykkelstamveg Bergen, Nesttun–Skjold
9. Sykkelstamveg Bergen, Bradbenken–Glass knag
10. Fv585 Haukelandsveien
11. Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien
12. Sykkelstamveg Bergen, Hop–Fjøsanger
13. Kronstad-Haukeland vest
14. Apeltunveien strakstiltak
15. Fv5028 Kjøkkelvikevegen, Fæsterhuset–Krabbedalen
16. Fv5200 m.fl. Tunvegen–Jacob Kjødesveg
17. Fv5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen
18. Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrottet–Lyderhornsveien
19. Fv558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk
20. Fv564 Salhusvegen, Ulsetstemma–Slettestølvegen
21. Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle
22. Fv582/Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft)
23. Fv585 Natlandsveien sør, WierJensen-svei–Nye Sædalsveien
24. Sykkelstamveg Bergen, Skeie–Rådal
25. Sykkelstamveg Bergen, Nesttun–Fjøsanger
26. Sykkelstamveg Bergen, Fjøsanger–Kristianborg
27. Sykkelstamveg Bergen, Fjøsanger /Solheimsgaten.–Fabrikkgt.
28. Sykkelskap

- Ferdigstilt /under bygging
- Prosjektering
- Planlegging

Satsingsområde: Gange og sykkel

Handlingsplaner for sykkel og gange i Bergen kommune



Satsingsområde: Gange og sykkel

Miljøløftet skal styrke konkurransekrafta til gåing og sykling, og gjere det meir attraktivt å vere mjuk trafikkant i bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i gang- og sykkelveggar og andre tiltak som fremjar gåing og sykling.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2024. Gjennomgangen inkluderer også nokre planprosjekt som har finansiering utanom Miljøløftet, men som det ligg an til at ein nyttar Miljøløftet-midlar til å byggje. Lista er sortert etter høvesvis kommune og prosjektstatus. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde. Symbola ved siden av prosjektnamnet viser kva midlar det er planlagt å bruke, basert på Miljøløftet sitt handlingsprogram. Faktisk finansiering er avhengig av endeleg tildeling i statsbudsjetta.

Bergen

Påbegynte eller ferdigstilte tiltak

Gang og sykkel langs bybanen BT4 I

I samband med bybanens byggetrinn 4 er det realisert fleire gang- og sykkelveggar. I tillegg til sykkel tunnelen gjennom Løvestakken er det bygd rundt 5 km sykkelveg og i overkant av 11 km gangveggar og tilkomst til bybanen i tilknytning til den nye strekningen til Fyllingsdalen. Sluttkostnadar er førd i 2024.

Hjellestadvegen

Ny gang- og sykkelveg og opprusting av Hjellestadvegen på strekningen frå Blomsterdalen til Ådland bro. Prosjektet bidreg til at det er meir attraktivt å gå og sykle. Opprustinga av vegen har gitt betre framkome for kollektiv og anna transport. Tiltaket starta i 2017 og skulle ha vore ferdig i 2019, men vart dessverre forsinka. I 2022 vart avsluttande arbeid lyst ut på nytt og tiltaket sto ferdig i 2023. Sluttoppgjeret vart ferdig i 2024.

E39 sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6bc Bradbenken – Glass Knag

Kontrakt med entreprenør, Vassbakk & Stol AS, ble inngått i januar 2024. De fysiske arbeidene ved Bradbenken startet 3. april, og etter hvert har det blitt jobbet med fire parallelle angrepspunkt langs streknin-

gen. Prosjektet har en utstrekning på 2,4 km. De første 300 meterne av sykkelvegen, langs festningsmuren ved Bradbenken, ble ferdigstilt rett før fellesferien. Sommeren 2025 er det planlagt at rundt 1,5 km med sammenhengende sykkelveg, fra Bradbenken til Sandvikstorget, skal være ferdigstilt. Langs den nordligste delen av prosjektet jobbes det nå med omlegging av VA, overvann og kabler i bakken, før det skal bygges flere hundre meter med nye støttemurer. Denne delen av prosjektet er planlagt ferdigstilt sommeren 2026. Når prosjektet ferdigstilles, vil det være et sammenhengende sykkeltilbud adskilt fra biltrafikken gjennom hele Sandviken.

Infrastruktur Paradis I

Som ledd i den fortettende utbygginga av området er vegtrasear justert og utvida. Gang- og sykkeltilbodet frå Statsminister Michelsens veg mot Tunvegen er oppgradert med ny lenke mellom Tunvegen og Jacob Kjødes veg. Busshaldeplassar ved Paradis skule er oppgradert. Tiltaket starta opp vinteren 2021. I 2024 vart ei 42 meter lang ny gang- og sykkelbru av kompositt montert over Nesttunveien og bybanesporer.

Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg I

Strekninga frå Alvøen til Myraskjenet omfattar etablering av gang- og sykkelveg, busshaldeplassar, samt oppgradering av køyrevegen for å gi betre framkome for kollektivtrafikken. Tiltaket starta opp i august 2022 og blei ferdig i 2024.

Sykkelteiling i Bergensområdet I

Det er etablert ny sykkelteiler i Kronstad tunnelen. Denne er godkjent for og leverer data til trafikdata.no. Det etableres nye sykkelteiler internt i Fyllingsdalen, på Åstveit og i Kalfaret, med ambisjon om å levere telldata fra 1. januar 2025. Det er kjøpt inn sykkelteileutstyr til fire nye tellepunkt i Bergen. Lokalisering er ikke bestemt per dato.

Program for teljing og analyse av fotgjengarstrau-mar og åtfærd I

Teljeprogrammet har kartlagt fotgjengarvoluma i 40 ulike snitt i Bergen sentrum i 2024. Det er i tillegg utført førebuaende arbeid for å kunne utføre detaljerte videoanalysar av fotgjengaråtfærd ved bruk av kunstig intelligens.

Fremkommelighetstiltak sykkel

Mindre tiltak for å betre framkome for syklistar, til dømes ved bruk av raud asfalt/raudmerking i sykkelfelt, nedsenking av fortauskantar, skilting og oppmerking m.m. på fylkesveg. Det er i 2024 ferdigstilt arbeid med nedsenking av fortauskantar, skilting og oppmerking m.m. i Hillerveien og i Kringsjøvegen. Korrigerande tiltak (merking m.m.) i Salhusvegen er venta utført i 2025.

Handlingsplan for sykkelsetning i Bergen kommune

Bergens sykkelstrategi ble vedtatt i 2020, med påfølgende handlingsplan i 2021. Tidshorisonten for planen er fire år, men med et blikk fram mot 2030. I handlingsplanen for 2021-2024 er det lagt spesielt vekt på fysiske tiltak, som tilrettelegging av infrastruktur, sykkelparkering og dekkefornying.

I 2024 ble det arbeidet med 16 større og mindre sykkeltiltak i bydelene Arna, Bergenhus, Fana, Fyllingsdalen, Laksevåg, Årstad og Åsane. Størrelsen på tiltakene spenner fra oppmerking og synliggjøring, til større infrastrukturoppgraderinger som f.eks. sykkelveg med fortau. Noen strekninger må reguleres og det pågikk to reguleringsplaner i 2024. I tillegg til infrastruktur er det også arbeidet med utplassering av nye sykkelstativer. Totalt ble det etablert over 130 nye sykkelparkeringsplasser i Bergen i 2024, i all hovedsak ved badeplasser og ved inngang til byfjellene.

Prosjektene listet opp under var ferdige eller under bygging i 2024, og ble helt eller delvis finansiert av Miljøloftet:

- **Dokkeveien:** Etablering av sykkelveg med fortau mellom Møhlenpris busstopp og parkeringsgarasje i Dokkeveien. Nedsenk for syklende etablert mot Dokkeplass. Tiltakene, sammen med delesymboler, viser veg for syklende fra Bredalsmarken og frem til Johanneskirken. Ferdigstilt i 2024.
- **Vestre Vadmyra:** Rullevennlig gruset gang- og sykkelsti med 3 meter bredde er etablert i sammenheng med prosjektet Lyngfaret. Ferdigstilt i 2024.
- **Lyngfaret:** Etablering av fortau fra skole til idretts-hall, hevede fortauskanter for å sikre gående på eksisterende fortau. Syklende prioriteres ved eget areal hvor det samtidig forekommer innsnevring i kjørebane. Det legges opp til sykling i blandet trafikk med tiltak for å senke fart og fjerning av langsgående parkering. Arbeidet pågår.
- **Olaf Ryes vei:** Etablering av sykkelveg og fortau i eksisterende veg med forbud mot motorisert trafikk. Eksisterende sykkelfelt i Harald Hårfagres gate forlenges i begge ender, slik at det vil være et sammenhengende sykkelnett fra kryss Olaf Ryes

veg x Ole Vigs vei og frem til Allégaten x Strømgaten. Arbeid pågår.

Bysykelordning

Bysykelordningen ble innført sommeren 2018 og er et viktig strategisk virkemiddel for økt sykling og økt fleksibilitet i kollektivtilbudet. Tilbudet finansieres med bidrag fra Bergen kommune, Miljøloftet, brukerbetaling og sponsorat. Antall turer i 2024 var 401 846 turer, 66 016 færre turer i forhold til året før. Dette utgjør en nedgang på 14 prosent. Antall unike brukere var 15 133. Totalt siden åpningen sommeren 2018 har det vært gjennomført 4,17 millioner turer.

Bysykelordningen i Fyllingsdalen med 12 stasjoner ble avvirket i september, etter 1,5 års drift. Senere ble vintertilbudet for vinteren 2024/2025 sterkt redusert på grunn av presset kommuneøkonomi. Totalt har bysykelordningen i Bergen nå 1000 bysykler og 105 stasjoner. Driftsavtalen er på 8 år og løper til mai 2026. Bergen kommune har startet et arbeid med evaluering og analyse av dagens ordning og eventuell fremtidig ordning.

Sykelbyen Bergen

Bergen er en del av det nasjonale «Sykkelbynettverket», og målet er å øke sykkelandelen ved mer bruk av myke virkemidler som kampanjer, markeringer og arrangementer, samt bruk av sosiale medier. Kommunikasjon gjennom Facebook med 9600 følgere er primærkanalen i tillegg til Instagram med 1500 følgere. På Facebook er det 57 prosent kvinner og 43 prosent menn som følger siden.

Hovedaktiviteter har vært Sykle til jobben-kampanjen og informasjon om nye tiltak for syklende som sykkelparkering, sykkelshare og sykkelveier. Sykkelbyen Bergen gjennom Bymiljøetaten i Bergen kommune er del av et EU-prosjektet «Active Cities» som startet i 2022 og skal vare til 2026. Prosjektet skal fremme økt bruk av sykkel, gange, kollektiv og delemobilitet gjennom ulike tiltak og kampanjer. Bergen sitt mål er å øke bruken av den nye sykkelveien fra Fyllingsdalen til sentrum.

Sykkelshare

Sykkelsharene er låsbare og gir bergenserne et trygt sted å parkere. Det er nå syv ulike steder med sykkelshare i Bergen, seks i offentlig regi og én i privat (Lagunen). De offentlige sharene er i sentrum (tre steder), Landås (to steder) og Fyllingsdalen terminal. Bruken av sharene er økende og i 2024 ble de brukt 6074 ganger (en økning på 31 prosent siden 2023) av 1154 unike brukere. Gjennomsnittlig parkeringstid er litt under 3 timer.




Med sine 42 meter er Paradis bru den lengste komposittbrua for i verda. Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune



Arbeid med sykkelstamveg mellom Bradbenken og Glass Knag. Foto: Karoline Rage/Statens vegvesen.



Miljøløftet-prosjektet i Håkonshellavegen blei ferdigstilt i 2024. Foto: Thomas Tangerås/Vestland fylkeskommune



Snarvegar på Laksevåg gir betre framkome for gåande. Foto: Anders Kjetland.



Fleire snarvegar har blitt bygd på Laksevåg. Foto: Anders Kjetland.

Sykle til jobben kampanjen 2024

Sykle til jobben hadde 2817 deltagere i Bergen kommune, noe mindre enn året før (3142 deltagere). Det ble arrangert åpningsmarkering i Bergen sentrum og en rekke med sykkelserviser i alle kommunene i Miljøløftet.

Handlingsplan for gange

Det ble i 2024 bygd ni ulike gangetiltak i Bergen. Finansieringen gjennom Miljøløftet er fordelt mellom potten Gangveier til kollektivtraseer (fylkeskommunale midler) og belønningsmidler til oppfølging av gåstrategi.

Tiltak gjennomført i 2024 er Svanevikspassasjen (70 meter ved Solheimsvannet), ny forbindelse mellom Frydenbølien og Gabriel Tischendorfs gate og etablering av en grussti ved Ortuvannet på 30 meter. Grusstien ved Ortuvannet knytter sammen Torgny Segerstedts vei til gangveisystemet rundt Ortuvannet.

I tillegg er det etablert gangetiltak i kombinerte gang- og sykkeltiltak. Det er tilrettelagt for gange i Dokkeveien, Hundestien, Jonas Reins gate og Daniel Hansens gate. Det er også oppgradert/tilrettelagt for gangetiltak/snarveier i Midtkleiva, Fyllingsdalen (1 stk) og Laksevåg (3 stk). I tillegg har det blitt gjennomført grunnerverv og prosjektering av i størrelsesorden 25 nye tiltak. Alle tiltak som gjennomføres hentes fra Handlingsplan for gange 2022 til 2025.

Tiltakene er i hovedsak forbindelser som gjør det mer effektivt å gå, og en korter ned på avstander til kollektivholdeplasser, skoler og andre viktige målpunkt. Størrelsen på tiltakene varierer, men de er i gjennomsnitt relativt små.

I 2024 har det pågått arbeid med to reguleringsplaner, begge på Laksevåg.

Tiltak under prosjektering Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun – Skjold

Konkurransegrunnlaget ble kunngjort i Doffin/TED like før årsskiftet 2023/2024. Konkurransen ble gjennomført som en konkurranse med forhandling, hvor forhandlinger pågikk høsten 2024. Kontrakten med entreprenør, Arbeidsfellesskapet FM Prosjekt 1 ANS, ble signert 12. november 2024. De fysiske arbeidene startet 16. desember 2024 med felling av trær og avgraving av løsmasser for fremtidig riggområde på Skjold. Prosjektet består av ca. 2 km sykkelveg med fortau, 3 broer og omfattende arbeider med teknisk infrastruktur i grunnen. Prosjektet skal være ferdigstilt høsten 2026.

Fv. 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Natlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer

Gata mellom Birkeveien og Vilhelm Bjerknes' vei skal oppgraderast og gateparkering fjernast. Tiltaket vil oppgradere haldeplassar, etablere fartsreducerande tiltak og stramme opp kryss. Tilbodet til syklande vert meir attraktivt og det vert auka trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Tiltaket vil koordinerast med arbeid med uteområdet og etablering av «kiss & ride» ved Langhaugen vidaregåande skole. Prosjektering starta i 2022 og har halde fram i 2023 og 2024.

Fv. 5190 Apeltunveien strakstiltak

Strakstiltak skal betre tilhøva for mjuke trafikantar (særskilt gåande). Tiltak som er aktuelle er vurdering av fartsgrense, belysning, oppgradering av kryssingspunkt og fortau, utbetre sikt, skilting og utforming av avkryrsler og kryss der det er mogleg utan reguleringsplan. Forprosjekt ferdig i 2021. Prosjektering starta opp i 2023 og har halde fram i 2024.

Fv. 574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet-Lyderhornsveien

Tiltaket skal gi betre og tryggare framkome for mjuke trafikantar på strekninga. Løysinga på strekninga har i dag variabel standard som vekslar mellom smale fortau og blanda gang- og sykkelveg skilt frå vegbana med sveltikellipse. Prosjektoptimalisering og vurdering av kostnadsreducerande tiltak er ferdigstilt i 2024.

Fv. 5348 Klostergaten

Ei strekning på om lag 600 meter, Haugeveien, frå Haugesmauet, heile Klostergaten, og Markeveien ned til Christian Michelsens gate skal rustast opp og forholde for mjuke trafikantar betrast. I Markeveien skal det gjerast enklare tiltak utan full gateopprusting for å gjere det betre framkomeleg for mjuke trafikantar. Prosjektering starta opp i 2024.

Under planlegging E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie–Rådal

Parsellen er 1,7 km, og går langs Rv. 580 Flyplassvegen fra Skeie til Rådal. Prosjektet vil binde sammen Kokstad og Sandsli med bydelscenteret Lagunen. Prosjektet er ikke prioritert til bygging i Miljøløftets handlingsprogram i perioden 2025-2028. Prosjektet vil ferdigstille arbeidet med reguleringsplanen, planarbeidet har blitt gjenopptatt i 2024 og vil fortsette i 2025.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3a, Nesttun–Hop

Strekningen er ca. 2 km lang og følger Vossabanen fra Skjoldskiftet på Nesttun til Hop. Prosjektet vil bedre trafiksikkerheten på strekningen ved å skille gående

og syklende, og på den måten gi syklende bedre fremkommelighet. Reguleringsplanforslaget ble oversendt Bergen kommune i oktober 2020, og lagt ut på høring og offentlig ettersyn i oktober 2022, etter vedtak i Bergen kommune i juni 2022. I 2023 ble innspill og merknader til planforslaget behandlet og arbeid med justeringer med planen startet. I 2024 har det vært jobbet med justeringer og avklaringer som følge av behandling av merknader til planforslaget.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3b, Hop–Fjøsanger

Strekningen er ca. 2,3 km lang. I 2024 har det vært utført TS-inspeksjon av strekningen, og prioritering av tiltak til gjennomføring.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger–Kristianborg

Tiltaket består i oppgradering av dagens delvis manglende tilbud fra Gamlehaugen på Fjøsanger til Kristianborg bybanestopp. Strekningen er ca. 1,7 km. Dagens tilbud har flere ulykkesutsatte punkter med mange konflikter mellom gående, syklende og bilister i boliggate. Det ble levert utkast til silingsrapport i juni 2021. Etter mottatte uttaler til silingsrapporten ble det i 2022 besluttet å gå videre med planlegging av forenklet løsning i den søndre delen mellom Gamlehaugen og Kristianborgvannet, og fullverdig løsning i den nordre delen mellom Kristianborgvannet og bybanestoppet på Kristianborg. Planarbeidet har pågått i 2024.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsanger/Solheimsgaten – Fabrikkgaten

Delstrekningen binder sammen sykkelstamvegen over Mindemyren med eksisterende tilbud langs Solheimsgaten på vestsiden av E39. Tiltaket består av kryssing av E39 i plan med prioritering for syklende. Lengden er ca. 400 meter langs E39 Fjøsangervegen. Endring av løsning har medført behov for ny oppstart av offentlig detaljreguleringsplan, gjennomført høst 2022, parallelt med pågående planarbeid. Planarbeidet inkluderer også en strekning på ca. 100 meter langs fv. 5328 Fabrikkgaten. I utførelsesfasen planlegges det for at riksvegtilbudet langs E39 bygges først. I slutten av 2024 ble planforslag oversendt kommunen for utlegging til offentlig høring.

Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Allé-Wergeland)

Reguleringsplan for eit trafikksikkert tilbud for gåande og syklende. Tiltaket vil og betre tilhøva for kollektivreisande. Det vert planlagt sykkelveg med oppgraderte fortau, haldeplassar og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar frå Hagerupsvei til Wergeland. Tiltaket

inneber at vegbane/rundkøyring/forholda for køyrande mv. vert utbetra. Planforslag vart oversendt kommunen januar 2021. Offentleg ettersyn var 28.8-11.10.2022. I 2024 vart planen oversendt for endeleg slutthandsaming.

Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg

Reguleringsplan for eit attraktivt tilbod til mjuke trafikantar. Strekninga har dårleg tilbod i dag, med smal felles gang- og sykkelveg. Planforslag oversendt kommunen des. 2019. Høyring hausten 2021. Handsaming av merknader i 2022. Planen vart delt i to i 2024 for å optimalisere framdrift. Justert planforslag inkludert grep knytt til kostnads- og inngrepsredusering har vore under utarbeiding i 2024.

Fv. 564 Salhusvegen, Ulsetstemma – Slettestølvegen

Tiltaket er reguleringsplan for ny sykkelveg med fortau langs Fv. 564/5300 Salhusvegen mellom Ulsetstemma og Slettestølsvegen som manglar tilbod i dag. Prosjektet vidarefører gang- og sykkelvegprosjektet på søraustleg del av Salhusvegen, som er ferdig etablert. Planen hadde formell oppstart november 2018. Bergen kommune fatta vedtak om utlegging til offentlig ettersyn 16.06.2022. Merknadshandsaming og prosjektoptimalisering har pågått i 2023 og 2024.

Fv. 5200 m.fl. Tunvegen-Jacob Kjødes veg gang- og sykkelveg

Detaljplan for Tunvegen – Jacob Kjødes veg skal sikre gjennomførbarheit av områdeplanen for Paradis sine regulerte samferdselsformål. Gjeldande områdeplan for Paradis sentrum viser føremålmessig den ferdige løysinga. Omlegging av infrastruktur, nye gater, fortau, gang- og sykkelveg og nye leidningar til vann og avløp samt overvatn, krev meir areal enn områdeplanens regulerte samferdselsareal i anleggsfasen. Der det er samanfallande utbygging av tilstøytande byggeområde og infrastruktur, lar dette seg løyse gjennom avtaler og koordinering i byggefasen. I 2024 vart planutkast overlevert til slutthandsaming.

Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark

Tiltaket gjeld regulering av ny kryssløysing ved Tennebekk næringsområde. Det er trong for kanalisering og betre høve for mjuke trafikantar og auka trafikksikkerheit i kryss/avkøyrse ved næringsområdet. Punktet er eit registrert ulukkespunkt, der det har skjedd alvorleg sykkelulukke. Grunnboringar er utført. Vedtak om formell planoppstart i august 2021. Silingsrapport er utarbeidd. Planforslag er under utarbeiding. Det er gåande ein prosess med Bergen kommune om tilstrekkelege ressursar.

Fv. 585 Natlandsveien sør, WierJensensvei-Nye Sædalsveien 1

Fv. 585 Natlandsveien frå Hagerups vei til Birkelundstoppen skal regulerast. Strekninga er ei viktig kollektivåre og viktig for syklande, gåande og køyrande. Strekninga er ulukkesutsett, og er ikkje attraktivt for mjuke trafikantar. Bussane blir forseinka av kø. Kollektivhaldeplassar har behov for utbetring/ny lokalisering. Forprosjekt vart gjennomført i 2021 som grunnlag for vidare regulering. Planarbeidet er formelt starta opp og utarbeiding av planutkast vil halde fram i 2025.

Fv. 5028 Kjølkelvikvegen, Fæsterhuset-Krabbedalen 1

Det skal regulerast for samanhengande, trafikkikkert gang- og sykkeltilbod langs Kjølkelvikveien, Kjølkelvik skule-Fæsterhuset. Det manglar tilbod og strekninga er belasta med tunge køyretøy. Det vil bli sikrare skuleveg, og tiltak i skuleområdet. Tiltaket vil betre trafikktryggleiken og gi betre framkome og haldeplassfasilitetar for kollektivtrafikken. Planarbeidet er formelt starta opp og planutkast har vore under utarbeiding i 2024. Det er teke avgjerd om at planen førebels regulerast utan framtidig vassforsyning frå Bergen til Askøy.

Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen 1

Det skal regulerast eit oppgradert sykkelanlegg mellom Åsane terminal og Haukedalen skule. Hesthaugveien ved krysset til Midtkleiva er registrert ulykkespunkt og det skal m.a. etablerast venstresvingefelt for å betre framkomen for kollektivtrafikken og sikre kryssande fotgjengarar over Hesthaugveien. Planinitiativ inkl. enkel stadanalyse vart oversendt kommunen 13. des. 2022. Formelt planarbeid har halde fram i 2024.

Fv.556 Fylkesvegkoblingar sykkelstamveg delstrekning 4, Fjøsanger-Kristiansborg 1

Fylkeskommunen har i 2024 arbeidd med bidrag til løysingar for mjuke trafikantar på fylkesvegnettet som del av sykkelstamvegens delstrekning 4 Fjøsanger - Kristiansborg som blir planlagt i regi av Statens vegvesen.

Fv. 585 Haukelandsveien 1

Forprosjekt for heilskaplege løysingar for gåande, syklande og kollektivreisande frå Fløenbakken/Årstadveien i nord, til Ibsens gate/Idrettsveien i sør har vore under utarbeiding i 2024. Det er krevjande å finne gode løysingar for alle trafikantgrupper då arealet er avgrensa. Forprosjektet kartlegg alternative løysingar og skal tilrå kva som skal vera den framtidige løysinga for dei ulike trafikantgruppene på strekninga.

Handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen komme 1

Prosjektene listet opp under var under planlegging i 2024:

Damsgård-Småpudden: Reguleringsplan som i all hovudsak detaljregulerer sykkelfelt i motbakke i Gyldenprisveien. Prosjektet har lengre tidshorison, men innanfor strategiperioden. Det er gjennomført første-gangs offentlig ettersyn høsten 2024, og merknader er under behandling.

- **Lien-Småpudden:** Sykkelfelt, delesymboler og overflatebehandling av brostein skal sammen prioritere syklistar fra Gyldenprisvegen og frem til Småpudden. Prosjektet etableres i 2025.
- **Damsgårdsveien del 1:** Delesymboler og overflatebehandling av brostein skal sammen prioritere syklistar fra Michael Krohns gate og frem til Småpudden. Sees i sammenheng med prosjektet Lien-Småpudden. Utførelse avhenger av Bergen Vann sine arbeider i Michael Krohns gate. Forventet ferdigstilling i 2026.
- **Gabriel Tischendorfs vei-Frydenbølien:** Sykkelfelt, sykkelpassasje og delesymboler skal sammen sikre prioritering av syklistar. Samtidig vil gåande få eget areal hvor det i dag ikke er tilrettelegging. Prosjektet var prioritert med Post 30-midler i Miljøloftets handlingsprogram 2025-2028, men fikk ikke midler i Statsbudsjettet. Pågående detaljprosjektering og byggesak i årsavslutningen 2024. Oppstart avventes inntil midler sikres.
- **Wiers-Jenssens vei:** Tilrettelegging for sykkel mellom Natlandsveien og Hagerups vei gjennom Wiers-Jenssens vei og Vilhelm Bjerknes vei. I 2024 var det pågående arbeider med reguleringsplan. Det planlegges sykkelfelt i stigning mot envegsregulert kjøreveg, samt omlegging av busser via Hagerups vei.
- **Nonnekloppen til Florida:** Sykkelveg med fortau på siste strekket fra Nonnekloppen til Florida. Inne-bærer også kaianlegg. Prosjektet skal bygges fra januar 2025.
- **Benshaugen:** Utvidelse av eksisterende GS-veg/fortau. Prosjektet har godkjent byggesak og eien-domsforhold er løst. Oppstart av byggeprosjekt i 2025.
- **Krohnåsvegen:** Detaljregulering avsluttet i 2023 uten vedtak. Det planlegges for mindre tiltak for å bedre forholdene for særlig skolebarn og trygg-hetssøkende syklistar innanfor eksisterende eien-domsforhold. Tiltakene sees i sammenheng med prosjektet Sykkelstamveg Bergen: Rådal-Nesttun.
- **Kronstadhøyden:** Pilotprosjekt for sykkelprioritert gate i Klaus Hanssens vei. Prosjektet har møtt på utfordringer med fremdrift, da materialer er svært sesongavhengige. I 2024 har prosjektet vært justert noe etter politiske beslutninger. Oppstart av byggeprosjektet i 2025.
- **Lakslia:** Omklassifisering av kjøreveg til GS-veg i

Lakslia. Prosjektet blir ikke politisk behandlet før områdeplan skal behandles. Prosjektet forventes derfor ikke etablert før i slutten av strategiperioden.

- **Løbergsveien:** Tilrettelegging for sykkel i Løbergsveien. Det endelige tiltaket er ikke bestemt, men foreløpig innføring av delesymboler og oppstramming av kryss/avkjørsler er under godkjenning. Forventet oppstart av byggeprosjekt i 2025.
- **Nymark øst:** Detaljprosjektering pågår for et nettverk av sykkelprioriterte gater. Forventet godkjent byggesak i 2025.

Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling

Formålet er å etablere en viktig kobling mellom Kronstad og Haukeland sykehus i sammenheng med den nye hovedsykkelruten langs Bybanen. Hensikten er å føre gående og syklende trygt fra Bybanen linje 2 sin holdeplass på Kronstad og opp til Haukeland universitetssykehus via Arnoldus Reimers gate. Bakgrunnen for valg av trase er forventet vekst i antall syklende til/fra Haukeland universitetssykehus, samt trafikkteillinger i nærområdet.

I 2024 har Bymiljøetaten og Vestland fylkeskommune diskutert muligheter og begrensninger i prosjektet. Det er ennå ikke konkludert om hvilket grep en skal gjøre i prosjektet. Det vurderes flere muligheter. I 2025 vil det settes søkelys på innbyggerdialog og å avklare nødvendige behov. Vurdering av sykkelnettet er en del av tiltaket, og noen endringer kan komme som følge av arbeidet.

Handlingsplan for gange

Prosjektene listet opp under var under planlegging i 2024 og ble helt eller delvis finansiert av Miljøløftet i 2024.

Potten **Gangveier til kollektivtraseer** finansierte følgende tiltak i 2024:

- **Loddefjord:** Ny forbindelse mellom Hetlevikåsen og Vadmyrahallen, dvs. ny forbindelse til idrettsanleggene langs kommunal veg Lyngfaret.
- **Bergehus og Årstad:**
 - Fortauet fra Inndalsveien og opp mot studentboligene skal få en mer tydelig avgrensning og det skal etableres benker, settes ned trær etc. for å bidra til å gjøre området mer attraktivt for gående.
 - En gangforbindelse fra Gerhard Grans vei og ned til bybaneholdeplassen på Slettebakken. Det går i dag et tråkk gjennom denne skogen. En vil etablere en naturvennlig gangforbindelse gjennom dette området som i dag er skog.
- **Indre Arna:** Etablering av forbindelse fra Seimsheia

og ned til Garnes ungdomsskole.


- **Sandviken:** Etablering av forbindelse mellom Guttenbergbakken og Persenbakken.
- **Åsane:** Handlingsplan gange har 17 gangetiltak i Åsane. I løpet av første kvartal 2025 vil 11 av tiltakene få byggestart. For de siste 6 tiltakene vil prosjektutvikling og bygging pågå i 2025 og 2026.

Potten **Oppfølging av gåstrategi** finansierte følgende tiltak i 2024:

- **Bønes:**
 - Trapp og gangforbindelse mellom Tjørnhaugen og Fjelldalen på Bønes.
 - Etablering/oppgradering av en forbindelse mellom Øvre Bergveien og Bergveien.
- **Fyllingsdalen:** Handlingsplan gange har 20 gangetiltak i Fyllingsdalen. Status for prosjektet pr 31.12.24 er at grunnervervsavgifter er på plass for de fleste av tiltakene. Prosjektutvikling har pågått gjennom 2024 og bygging vil pågå i 2025 og 2026.
- **Laksevåg:** Etablering av forbindelser i tilknytning til veiene Øvre Stadionvei, Skoglien og Løvestakkveien. Dette er tverrforbindelser som gjør at det blir raskere og tryggere å ta seg frem til fots i området.

Satsingsområde: Gange og sykkel

Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden





Bygging av sentrumsgate i Grønamyrvegen på Straume kom i gang i 2024. Foto: Sartor & Drange AS.



Sykkelskap er sett ut fleire stadar, m.a. på Kleppestø. Foto: Dag Folkestad



Sagstadvegen skal bli tryggare for mjuke trafikantar. Foto: Vestland fylkeskommune.



Kvernhusdalen på Askøy, ferdig opprusta med fortau. Foto: Anders Kjetland.



Arbeid i Hatvikvegen i Bjørnafjorden. Foto: Ola Klyve Dalland

Alver

Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt Knarvikplanen, gang- og sykkelveg

Det blå Geco-bygget ligg sentralt i kommunesenteret og i dette området er det under etablering store leilegheitsbygg og eit større forretningslokale. Rundt og gjennom dette utbyggingskomplekset skal det byggast omfattande anlegg for mjuke trafikkantar, med gang- og sykkelveg og fortau. Dei ulike prosjekta er eit offentleg-privat samarbeid med grunnlag i Knarvikplanen. Det samla prosjektet vil gjere det enklare og meir trafikksikkert å bevege seg til fots og med sykkel i Knarvik, både internt, til bussterminal og til snøgg-båten til og frå Bergen. Delar av prosjektet er starta i 2023 og det er forventa ferdigstilling i 2026.

Fv. 5308 Utbetring av Sagstadvegen

Ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg / fortau og ny busshaldplass på strekninga mellom rundkøyring ved Frekhaug senter med sin kollektivsentral og Sagstad skule, inkludert det store idrettsanlegget på Sagstad. Tiltaket vart lyst ut i 2023 og er under bygging. Tiltaket blir realisert som opsjon på Frekhaugkrysset.

Trygg sykkelparkering

Søre delen av Alver kommune er ideell for el-sykling, med sine kuperte vegtrasear. Uvilje mot å sette frå seg kostbare el-syklar i enkle sykkelboksar har imidlertid vist seg som ein hemsko for bruken. I samarbeid med Miljøløftet og fylkeskommunen har difor Alver nytta belønningssmidlar til innkjøp av tre sett med sykkelboksar med låsing via app. Desse er utplassert på Knarvik terminal, på Knarvik-kaia og på Frekhaug terminal. Bruksomfanget framover vil avgjere om tilbodet skal aukast både i omfang og nye stader.

Prosjekt under prosjektering

Fv. 5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering

Det skal etablerast ny infrastruktur med fortau og sanering av avkøyrslar mellom eksisterande fortau fram til krysset til Hillesvåg, forbi kollektivterminal og mot bustadområde mot Kleivdalsvegen og Apalen. Dette er i dag ei smal strekning der manglande fortau fører til at mange ungar ikkje får lov til å gå eller sykle. Prosjektering og grunnverv starta i 2023 og har halde fram i 2024.

Fv. 5458 Ostereidet/Lindsdalen, fortau

Etablering av fortau langs bratt fylkesveg mellom Ostereidet senter og kommunal veg til Ostereidet skule. Strekninga har ikkje tilbod til mjuke trafikantar i dag, og blir opplevd som utrygg. Det nye tilbodet blir kopla

i ei midlertidig gang-løysing opp mot senterområdet. Prosjektering av tiltaket har pågått i 2024.

Fv. 565 Manger Kirke-Hesthaugen, fortau

Etablering av ca. 120 meter fortau som i dag manglar langs Fv. 565 i Manger sentrum, ved innkøyrsele mot Rema 1000. Prosjektet vil fjerne ein «missing link» i fortausystemet på Manger. Prosjektering og førebunde arbeid har pågått i 2024.

Askøy

Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt Kv. 1158 Kvernhusdalen gang- og sykkelveg

Det er bygget gang- og sykkelveg i Kvernhusdalen i 2024. Strekingen er del av hovednettet for sykkel og er også skoleveg til Kleppe barneskule. Anlegget gir et nytt tilbud til myke trafikanter i området. Byggearbeidet i Kvernhusdalen starta i mai 2023 og parallelt med arbeidet med gang- og sykkelveg ble det etablert nytt VA-anlegg i samme trase. Gang- og sykkelvegen ble åpnet i september 2024.

Oppfølging av sykkelstrategi

I juni 2022 ble Sykkelstrategi for Askøy kommune med handlingsdel vedtatt i kommunestyret. Tiltak i handlingsdelen er blant annet trygg sykkelparkering og utredning av mulighet for en elektrisk sykkelordning. Det er løftet et prosjekt i arbeidsgruppe Vest om muligheten for å utrede en felles løsning for elsykler innenfor byvekstområdet, å la bysykler. I 2024 har Askøy kommune brukt rammeavtalen for Trygg sykkelparkering og har fått på plass 12 låsbare sykkelboksar og to trygge sykkelstativer med 10 plasser hver. Skapene og stativene er plassert i Myrane og Kleppstø. Det har vært gjennomført europeisk mobilitetsuke og Sykle til jobben som en del av det holdningsskapende arbeidet.

Planleggingsmidler Askøy kommune

Planleggingsmidlene til Askøy kommune brukes til utvikling av nye prosjekter og oppfølging av prosjekter i vedtatt handlingsprogram, samt annet arbeid i Miljøløftet og arbeidsgruppe Vest. I 2024 ble det blant annet brukt midler til samkjøringsprosjektet i samarbeid med Skyss og Øygarden, oppfølging av Trygg sykkelparkering og arbeid med kollektivprioritering på innfartsårer til Bergen. Det er arbeidet med anskaffelse av trafikkanalyse for Askøy kommune og mobilitetsplan for Kleppstø, som også er noe som skal jobbes videre med i 2025. Det er starta opp arbeid med arealdataverktøyet (ADV) og byutredningen, hvor Askøy har bidratt under ledelse av Statens vegvesen. Det er arbeidet med kollektivtilbud opp mot Skyss og med

planlegging av utadrettet virksomhet som Sykle til jobben og den europeiske mobilitetsuken. Det er også jobbet generelt med gange og sykkel i planleggingsarbeid i Askøy kommune og kommunikasjonsarbeid.

Fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane

Det blir etablert ny infrastruktur til Klepppestø barne-skole, Klepppestø ungdomsskole, Askøy vidaregåande skule, Askøyhallen og Helsetunet. Avkøyrslar blir stengt og det blir etablert rundkøyring, ny gang og sykkelveg/fortau, busshaldeplass og "kiss and ride". Anleggsarbeidet starta november 2023 og har halde fram i 2024.

Under prosjektering

Fv. 5264 Nordre Hauglandsveg

I 2024 starta prosjektering av gang- og sykkelveg i Nordre Hauglandsveg, ca. 400 m frå Kjerrgardskrysset. Strekninga manglar løysing for mjuke trafikantar, er definert som farleg skuleveg og har heilårs skuleskyss.

Under planlegging

Kv. 1156 Skarholmvegen gang- og sykkelveg

Skarholmvegen er en del av vedtatt hovednett for sykkel mellom Klepppestø og Ravnanger. Veien er ca. 1,5 km, der om lag 700 meter er uten tilbud for myke trafikantar. Strekingen har et stort potensial for å øke andelen gående og syklende mellom to folkerike områder, Strusshamn og Klepppestø. Tiltaket vil også være positivt for innbyggernes tilgjengelighet til kollektivknutepunktet på Klepppestø. I 2024 er det jobbet med forprosjekt til reguleringsplan.

Bjørnafjorden

Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt

Fv. 552 Etablering av trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen

Langs Hatvikvegen skal det etablerast ei trafikksikker og attraktiv gang- og sykkeløysing. Føremålet med prosjektet er å auke trafikktryggleiken på vegen, som har ein kontinuerleg trafikkvekst. Prosjektet vart lyst ut i 2023 og anleggsarbeida starta opp i mars 2024.

Fv. 5150 Trollaldalen-Lepsøyvegen

Kommunen starta å bygge 200 meter fortau langs Fv. 5150 Lepsøyvegen. Det er allereie 2,3 km med fortau langs Lepsøyvegen, og det manglar berre fortau i Trollaldalen. Her er det ein årsdøgntrafikk på 5000. Tiltaket vil sikre eit samanhengande fortau på til saman 4 km. Med dette kan no barn gå eller sykle trygt til barne- og ungdomsskule og fritidsaktivitetar på Nore Neset.

Åsen-Helleskaret

Det er i dag ikkje gang- og sykkelforbindelse frå Lysefjorden til Endelausemarka. Dette prosjektet vil binde saman senter i Lysefjorden og Endelausemarka. Lysefjorden er det nest største vekstområde i kommunen og nye bustadsområde ligg langs denne vegen. Prosjektet starta opp med finansiering utanfor Miljøløftet. Staten yter tilskot gjennom Miljøløftet i 2025. Tiltaket er venta ferdigstilt hausten 2025.

Øygarden

Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt

Sentrumsgate Grønamyrvegen

Prosjektet starta opp 3. mai. Etter framdriftsplanen skal vegen vere ferdig utbetra til sommaren 2025.

Prosjekt «sykkelparkering i regionsenteret»

Tildelte midlar for 2024 vil bli brukt til utbetring av sykkelparkering ved skular og andre sentrumsnære lokalitetar.

Trafikkanalyse for regionsenter Straume

Prosjektet er gjennomført i 2024 og sluttrapport er venta februar 2025.

Utarbeiding av trafikktryggingsplan

Prosjektet er under utarbeiding med forventta sluttbehandling i 2025.

Under prosjektering

Skogsskiftet senterområde

Etablering av samanhengande gang- og sykkelveg og utbetring av kryss ved Skogsskiftet, inkl. ombygging av 3 T-kryss til rundkøyringar. Tiltaket styrker kommunesenteret ved å leggje betre til rette for mjuke trafikantar og opne for fortetting av bustader og sentrumsfunksjonar. Prosjektering og grunnnervv starta opp ved årsskiftet 2023/24. Grunnboringar er utført i 2024 og avskoging starta for å gi tilkomst til grunnboringar.

Under planlegging

Ågotnes Miljøgate

Det er knytt konsulent til oppdraget og planarbeidet har starta opp. Plangrense er innsnevra til ein rein vegplan for aktuelt område.

Fv. 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen

Det vart varsla oppstart av områderegulering for Straume sentrum nord og offentleg høyring av planprogram desember 2024.

Satsingsområde: Kollektiv

Miljøløftet jobbar for at det skal bli meir attraktivt å reise kollektivt i Bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i kollektiv infrastruktur, tilskot til drift av kollektivtransport og andre tiltak som fremjar kollektivbruk.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2024. Lista er sortert etter prosjektstatus. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

Pågåande eller ferdigstilte prosjekt Oppgradering haldeplassar

Haldeplassar oppgraderast etter strekningsvise utgreiingar. I 2024 har 15 haldeplassar blitt oppgradert/etablert under denne posten. Oppgradering av haldeplassar hevar standarden på kollektivtrafikken, gir tilgjenge for alle, styrkjer trafikksikkerheita og gir ein meir effektiv inn- og utkøyring for busstrafikken. Det er kontinuerleg prosjektering og bygging på posten. Haldeplass i Breivikdalen-Drotningsvikvegen er venta ferdig våren 2025. Strekninga Sædalen, Birkelundstoppen-Midtun-Nesttun, Nordås-Søråshøgda omfattar 18 haldeplasser som er under bygging. I tillegg er fortau oppgradert i Salhusveien, Kokstadvegen og Nordåsvegen i samband med vedlikehaldsstiltak under driftskontraktar.

Fyllingsveien, fortau og framkome kollektiv

Fyllingsveien er utbetra med to køyrefelt og fortau, og har fått eit godt, trafikksikkert tilbod for gåande og syklande som ferdast på strekninga. Bussar kan møtast. Kostnader knytt til sluttoppgjør er rekneskapsførd i 2024.

Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak

Tiltak i kollektivtrasear, hovudsakeleg etter strekningsvise utgreiingar. Tiltaka betrar framkome og aukar trafikksikkerheita knytt til kollektivtransporten. I 2024 har mindre tiltak i Eidsvågvegen vore under prosjektering. Tiltak for rydding av sidekantar, utviding av kurve for å gi betre sikt, etablere møteplassar, etc., samt HC-lomme og ny parkeringsplass er óg prosjektert. Tiltak i tråd med skiltplan, hovudsakeleg med parkeringsforbod, er bygd. Det er óg bygd intensivbelysning for gangfelt.

Haldeplassar ved Sletten senter bybanestopp

Tiltaket ved Sletten senter omfattar utbetring av eksisterande busstopp langs bybanen og flytting av eksisterande kantstopp. Det eksisterande busstoppet langs bybanen har i dag av-/påstigning på eit smalt

fortausareal midt mellom vegbanen og bybanesporret. Busstoppet betener svært mange reisande. Dette fører til at personar vert pressa ut i skinnesporet når Bybanen kjem til haldeplassen «Sletten». Av-/påstigningsarealet blir auka. Alle tiltak på dette busstoppet blir gjort i samarbeid med Bybanen. Tiltaket har vore under prosess for byggesakshandsaming i 2024.

Belønningsmidlar til drift av kollektivtransport

Samla for heile 2024 er det nytta om lag 336 millionar i belønningsmidlar. I all hovudsak er desse midlane knytt til å vidareføre tiltak som er gjennomført tidlegare år. Driftstiltak sett i verk eitt år, vil medføre årleg kostnad kvart år ut avtaleperioden. Bruken av midlane fordeler seg slik:

- Vidareføring av iverksette tiltak ved inngang til byvekstavtalen: 248 millionar
- Styrking og omlegging av linjenett i Bergen: 54 millionar
- Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet: 11 millionar
- Styrking i Bergen sentrum linje 11: 1 millionar
- Etablering av regionstamlinje Bergen – Bjørnafjorden: 7 millionar
- Kommunikasjonstiltak – korleis få fleire til å reise kollektivt?: 1 millionar
- Samkøyring Askøy og Øygarden: 3 millionar
- Nullutsleppbåt Bergen, nettoppgradering: 10 millionar

Tilskot til reduserte billettprisar

Gjennom byvekstavalen er det fastsett ei årleg statleg løyving på 50 mill. (2020-kr) til å redusere billettprisar. I 2024 blei det nytta 55,6 millionar til å oppretthalde redusert pris på periodebillett, samt innføring av fleksibel enkeltbillett. Fleksibel billett er ei viktig satsing som gjer det attraktivt for fleire å ta kollektivtransport. Ordninga med fleksibel billett skal evaluerast jamleg.

Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter for bybanen og trolleybuss

I handlingsprogrammet er det sett av 21 millionar til vedlikehaldstiltak av investeringskarakter for bybanen og trolleybuss. Midlane er nytta til ei rekke oppgraderingar langs linje 1 og 2, samt trolleybusslinja. Det har spesielt vore eit kritisk behov for å bytte ut mastar langs trolleybusslinja.

Tilskot til betre kollektiv

Styringsgruppa i Miljøløftet slutta seg til at bruk av post-66 midlar Tilskot til betre kollektivtilbod blir nytta til bybanen for resten av avtaleperioden. Midlane skal

konkretiserast årleg, og nyttast i løyvingssåret.

For 2024 blei midlane derfor fordelt slik:

- **KDP Vest, støtte til planlegging:** Planmidlar til Bergen kommune sitt arbeid med kommunedelplan Vest, som skal fastleggja framtidig bybanetrasé til Dokken – Laksevåg – Lyngbø (1 mill.)
- **Nøkkelpersonell:** Sikring av ei minimumsbemanning hos fylkeskommunen som kan ivareta fagområda anleggsteknikk, grunnnerv, sporgeometri mm. opp mot dei pågåande prosessane i Bergen kommune (tunnelutgreiing, Nygårdstangen og KDP Vest) (3 mill.)
- **Vedlikehald av investeringskarakter, Bybanen:** Bybaneinfrastrukturen har behov for oppgraderingar i form av tyngre vedlikehald av investeringskarakter, slik som utskifting av likerettarar mm. (35 mill.)
- **Spesifikasjon av innkjøp nytt vognmateriell:** Anskaffing og produksjon av bybanevogner er eit langsiktig arbeid. Det er derfor allereie no behov for å førebu arbeidet med å lage spesifikasjonar som sikrar at nye vogner er eigna både til eksisterande og ny infrastruktur (3 mill.)
- **Straksinnløyising sykkelveg:** Reguleringsplanane for byggetrinn 5 og sykkelveg nordover er vedteke, noko som gir ein del grunneigarar rett til straksinnløyising ettersom bustaden er kryssa ut og føresett fjerna i gjeldande plan. For dei bygga som skal rivast grunna sjølvne banetraseen kan ein nytta bompengar til grunnnerv, men tre bustader er kryssa ut og føresett fjerna utelukkande som ein konsekvens av regulert gang- og sykkelveg på strekninga mellom Eidsvåg og Åsane terminal (10 mill.)
- **Redusert uttak av bompengar:** Det er ikkje ynskjeleg å nytta meir bompengar til byggetrinn 5 i 2024 før prosjektet har garantiar om statleg finansiering. Det er i staden hensiktsmessig å redusera bompengeutaket knytt til sluttoppgjær i byggetrinn 4. Høge låne- og finansieringskostnader gjer det gunstig å redusera uttak av bompengar når ein har moglegheit til det (74 mill.)

Under planlegging

Bybanen til Åsane

Stortinget vedtok Nasjonal transportplan 2025-2036 i juni 2024. Det er prioritert eit statleg bidrag på 70 prosent til Bybanen til Åsane, men midlane blir ikkje blir tilgjengelege før det er einigheit om trasé gjennom sentrum. Dei lokale partane gjekk derfor saman om eit kompromissforslag basert på tunnelutgreiinga frå 2021, under føresetnad av at risikoen i prosjektet blir redusert til eit akseptabelt nivå knytt til kulturminne, grunnvatn og kostnader. I tillegg skal ein vurdere mogelegheitene for ein underjordisk haldeplass ved Sverresborg.

Staten har prioritert midlar til prosjektet, men ventar med konkret finansiering til endeleg vedtak av reguleringsplan for traséval gjennom sentrum. Som ein konsekvens har Vestland fylkeskommune nedskalert utbyggingsorganisasjonen, og vil dimensjonere kompetanse og kapasitet i samsvar med framdrifta i kommande oppgåver.

Reguleringsplan for Bybanen sentrum – Åsane

Ny reguleringsplan for bybanen frå Bergen sentrum til Sandviken. Det er venta formell oppstart av planarbeidet første kvartal 2025. Det blir tatt utgangspunkt i bystyrevedtak 02.10.2024, med bybanetrasé frå Kaigaten, gjennom Christies gate, Allehelgens gate, tunnelinnslag i Heggebakken, utslag ved Slakthustomten, Sjøgaten, Sandviksvegen og påkobling til vedtatt plan i området ved Sandviken sjukehus. Underjordisk haldeplass ved Sverresborg skal vurderast. Prosjektet omfattar også samanhengande gang- og sykkeltrasé frå Kaigaten til Sandviken.

KDP Bergen vest

KDP Kollektivplan Bergen sentrum – Bergen vest, blei vedtatt i bystyret i Bergen april 2024. Kollektivplanen tilrår eit kollektivsystem mot vest der tre korridorar blir betent med buss, og to med bane. Temaplanen blir no følgt opp med ein kommunedelplan, areal, for trasé for bybane mellom Dokken sør og Lyngbø. Planarbeidet har stor betydning for utvikling av områda Loddefjord, Laksevåg og Dokken. Det vil bli arbeida vidare med konsekvensutgreiing for aktuelle korridorar i 2025.

Fv. 5174 Kokstadvegen, sykkel og kollektivfelt

Busstrafikken har store framkomeproblem i Kokstadvegen. Kollektivfelt på strekninga mellom BKK og Ytrebygdsvegen vil betre framkomen for bussane og styrke konkurransekrafta mot bil vesentleg. Tilbodet kan ikkje styrkast før framkomen er betre. Gåande og syklande har i dag eit tilbod i form av fortau. Det er trong for flettefelt i retning Knapptunnelen. Det er venta stor utbygging i området og det er knytt private forpliktingar til realiseringa av tiltaket. Forberedande arbeid for reguleringsplan for kollektivfelt og løyising for sykkel har gått føre seg i 2024.

Loddefjord terminal

I 2024 har det gått føre seg arbeid med forprosjekt for å avklare ny utforming av terminalen og nytt køyremønster for å auke kapasiteten og gi betre framcome for kollektivtrafikken. Prosjektet omhandlar også gjennomgåande løyising for gåande og syklande. Sykkel manglar tilbod gjennom området. Fylkeskommunen vil søke å finne løysingar for kollektiv, gåande og syklande og spele dette inn i relevante planprosessar for området i regi av kommunen.

Satsingsområde: Innfartsparkering

Miljøløftet jobbar ut frå ein felles strategi for innfartsparkering i Bergensområdet. Målsetjinga er at innfartsparkering skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rushtida når kø, luftforureining og støy er som mest utfordrande.

Prosjektlista under viser pågåande eller ferdigstilte prosjekt på innfartsparkering i 2024. Merk at tiltaka også kan bidra til måloppnåing for andre satsingsområde.

Bjørnafjorden: Lyseparken innfartsparkering


I 2022 var det opparbeidd 80 pendlerparkeringar ved busshaldeplassen i Lyseparken før opninga. Denne blei ytterlegare utvida med om lag 20 plassar i 2023. I 2024 blei det utvida med endå fleire plassar då det blei etablert ein energistasjon. No er det om lag 145 plassar. Dei oppmerka parkeringsplassane er som regel fulle på dagtid, og det blir parkert på umerka plassar i tillegg.

Øygarden: Innfartsparkering Ågotnes

Hausten 2024 starta arbeidet med å byggja ny innfartsparkering ved kollektivterminalen på Ågotnes. Det vil bli etablert 136 plassar og i tillegg 5 HC-plassar. 20 plassar blir tilrettelagt for framtidig elbillading.

Alver: Flatøy terminal

Under bygging av Flatøy terminal blei den gamle innfartsparkeringa stengd frå februar 2023. Med opning av den nye terminalen i november 2024 blei innfartsparkeringsplassane reetablerte. Både terminal og parkeringsplassar har blitt flytta, og den nye utforminga gir eit vesentleg betre tilbod til dei parkerande. Parkeringa er no tilknytt terminalen, medan ein tidlegare måtte gå om lag 350 meter og krysse veg. Det har òg blitt tilrettelagt for sykkel med 40 sykkelparkeringsplassar under tak. Totalt er det no 80 parkeringsplassar for bil og 40 parkeringsplassar for sykkel ved Flatøy terminal. Tiltaket er ikkje finansiert gjennom Miljøløftet, men gjeld etablering av innfartsparkering i ein Miljøløftet-kommune.



Innfartsparkering Ågotnes. Foto: Råmund Skjold

Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon

Oppgradering av signalanlegg og ASP


Aktiv signalprioritering (ASP) av buss gir kollektivtrafikken auka prioritet gjennom lyskryss. Prioriteringa skjer ved at sanntidssystem i bussane kommuniserer med signalanlegg på strekninga. Løysinga er allereie implementert i enkelte signalanlegg i fylket med gode resultat. Tiltaket går ut på å oppgradere signalanlegga i fylket så dei er tilrettelagt til å brukast saman med både ASP-systemet, men også andre former for ITS (Intelligente transport system). I tillegg til dette blir akustiske signal (blindesummare) i anlegga oppgradert, slik at desse er i tråd med dagens krav til universell utforming. Formålet er både at bussene skal sikrast betre framkome gjennom kortare køyretid, samtidig skal busstrafikken få auka føreseielegheit i høve rutetidene. Saman med kortare reisetid styrkast kollektivtrafikkens konkurransekraft og attraktivitet. Det er eit mål at oppgraderingane gir meir driftssikre signalanlegg, som er mindre utsett for feil og avvikssituasjonar.

Samkøyring

Samkøyringsprosjektet starta opp i 2023 og har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Skyss, Askøy kommune og Øygarden kommune. Samkøyring handlar om å få fleire trafikantar inn i same bil. Ved å nytte ledige seter i privatbilar kan ein få ned talet bilar på vegen og samstundes få eit supplement til den ordinære kollektivtrafikken. Det vart inngått kontrakt med det danske firmaet Nabogo sommaren 2023 som har utvikla ein app som brukarane har nytta seg av. I 2024 vart det gjennomført 69 264 samkøyringsturar. Sidan oppstart er det no omlag 4812 personar som har nytta tenesta og det har vorte gjennomført totalt 85 164 turar. Kundeundersøkingar syner at dei fleste som samkøyrer tidlegare nytta eigen bil på turen (ca. 80%).


Tiltak utanfor satsingsområde

Trafikktryggleik Bergen



Tiltak utanfor satsingsområde

Standardheving med vedlikehaldskarakter, fylkesveg



Tiltak utanfor satsingsområde/ Andre tiltak

Miljøløftet jobbar også med tiltak som ikkje sorterer direkte under dei fire satsingsområda, men som likefullt er forankra i og bidreg til nullvektsmålet.

Dette kapittelet er sortert etter dei to pottane Trafikktryggleik Bergen og Standardheving av vedlikehalds karakter på fylkesveg.

Trafikktryggleik Bergen

Arbeidet med trafikktryggleik i Miljøløftet har som mål å få færre drepne og skadde i trafikken i Bergensområdet. I dette arbeidet prioriterast tiltak retta mot gåande og syklande, der tiltak på skuleveg er spesielt vektlagt.

Prosjekt som var ferdige, eller under bygging

Fv. 582 Fanavegen v Harald Skjolds veg

Utbetring av kryssingspunkt i Harald Skjolds veg. Skuleveg, med fleire uomeldingar. Sluttkostnadar i 2024.

Fv. 5208 Kjøkkelvikvegen og Skålevikveien

Kortsiktige tiltak gjennomført i 2023. Fartsdempande tiltak mellom Kjøkkelvik skole og Festerbanen. Sikring av eksisterande og nye kryssingspunkt, fartsdempande tiltak, belysning av gangfelt. Omfang av strakstiltak langs Kjøkkelvikvegen er avklart opp mot reguleringsplanarbeid på same strekning. Sluttkostnadar i 2024.

Fv. 546 Fanavegen ved Stend vgs.

Tiltak mot villkryssing basert på rapport med anbefaling om trafikksikkerheitstiltak. Nye gangfelt, nytt fortausareal, nedsett fartsgrense og kollektivvenleg fartsdemping.

Fv. 5306 Haukedalen og Ulsetskogen skolekretsar

Tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, flytting av haldeplassar, nye gangfelt, kollektivtilpassa fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming.

Fv. 5338 Kaigaten

Vegtværnsnitt er utvida i Kaigaten ved Statens Hus for å motverke risiko for kollisjon mellom bybane og rutebussar som svingar inn i Vincens Lunges gate. Ei lite brukt trapp til gangbru er fjerna for å gje betre forhold

for mjuke trafikantar. Det er gjort avklaringar rundt arkeologi.

Fv. 5180 Lilandsveien

Tiltaket gjeld sikring av skuleveg og omfattar oppgradering av tre gangfelt ved Liland skule og Blomsterdalen senter med intensivbelysning og universell utforming, samt mindre justeringar i tilknytning til gangfelta.

Fv. 5342 Sandviksveien

Fartsdemping (humpar/heva gangfelt), fartsregulering mellom Sandviken kyrke og Sjøgaten.

Fv. 5306 Morvikvegen (Viddalen-Slettestølen)

Oppgradering av armatur på 3,5 km strekning, intensivbelyse 8 gangfelt, enkle ts-tiltak, etablering av fartspu-ter. Tiltak blir gjennomført og koordinert med Bergen kommune sitt arbeid med utskifting av infrastruktur og avløpssanering på strekninga.

Fv. 5186 Steinsvikvegen

Tiltak på strekninga mellom Steinsvika og Dolvikvegen. Redusert fartsgrense, sikring av kryssingspunkt evt. nye gangfelt, justering av busshaldeplassar.

Under prosjektering

Fv. 5182 (177) Fleslandsveien

Gangfelt i dagens tilrettelagte kryssing nær krysset ved Espehaugen. Belysning. Sikre tilstrekkeleg fri sikt mot vest.

Fv. 5192 Totlandsveien

Fartsgrensevurdering og fysisk fartsdempande tiltak ved Ulsmåg skule og Midtun og nytt gangfelt ved gamle Hardangerveien er gjennomført i 2021/2022. Vurderingar for å avklare forhold rundt tilknytta fortau har pågått i 2024. Byggestart er ikkje avklart.

Ådnamarka skolekrets

Sikring av skuleveg, tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, nytt fortau og justering av avkøyrsløp på Arnatveit, tilrettelegging av haldeplassar, kollektivtilpassa fartsdemping, belysningstiltak og universell utforming. Del 1 er realisert i 2023. I 2024 er det arbeidd vidare med å avklare supplerande tiltak.

**Fv. 558 Lyderhornsveien **

Signalregulering av gangfelt ved Laksevåghallen. Endring av skuleskyss/ruteomlegging fører til større bruk av gangfeltet. Dagens gangbru blir omveg, tilfredsstillende universell utforming og vert vurdert fjerna. Realisering må avvente ferdigstilling av oppgradering i Damsgårdstunnelen.

**Fv. 5294 Ekrevegen/Reinane **

Sikring av kryssingspunkt for mjuke trafikantar ved Reinane i Indre Arna. Skuleveg for elevar frå Mjeldheim til Ådnamarka skule. Fartsdempande tiltak, veglys.

**Fv. 582 Nesttunvegen **

Tiltak i gangfelt ved nr. 111. Ulykkespunkt. Påkøyring av fotgjengarar. Betre lys, siktforhold, evt. justere fartsdemping.

**Fv. 578 Eidsvågveien **

Forsterka/intensivlys i gangfelta mellom Eidsvågsneset og Eidsvåg. Vert gjennomført parallelt med framkommetiltak for kollektiv.

**Fv. 585 Nattlandsveien - Nattlandsfj. – Mannsverk **

Forskningsprosjekt med varslingsavsykling inn mot kryssområde. Tre ulykkespunkt. Vurdering av løysingar for kryssutforming, horisontalgeometri, sikt, veglys, mm.

**Hjellestadveien **

Intensivlys i tre gangfelt mellom Blomsterdalen og Ådlandstraumen, samt fartsdempande tiltak (fartsputer) på fleire punkt.

**Fv. 5206 Gravdalsveien **

Etablering av nytt gangfelt ved krysset ved Sjøkrigsskoleveien og tiltak ved krysset ved Wallemkogen. Ombygging av haldeplassar. Prosjektering starta opp i 2024.

Standardheving av vedlikehaldskarakter, fylkesveg

Arbeidet med standardheving av vedlikehaldskarakter skal bidra til å halde fylkesvegnettet tenleg, trygt og effektivt. Midla går til tyngre vedlikehald som ikkje kan finansierast over vanlege driftsbudsjett.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2024.

**Fv. 552 Bøtre bru, Hatvikvegen **

I samband med etablering av tiltaket i Hatvikvegen skal Bøtre bru oppgraderast. Anleggsarbeidet starta opp 2024.

**Hansaparken bru **

Brua er i svært dårleg forfatning og må utbetrast. Brua er viktig for å sikre framkome for alle trafikantgrupper, blant anna rutegående buss. Forprosjekt er utarbeidd. Prosjektering, forberedande arbeid og godkjenning av konstruksjon har heldt fram i 2024. Tiltaket vart lyst ut og kontrakt inngått med entreprenør.

**Mur i Godviksvingene **

Tiltaket sto ferdig i 2024. Mur i Godviksvingene er utbetra og kryssområde mot Godviksvingene er stramma opp og haldeplassar er utbetra. Rutegående buss har fått betre framkome på strekninga.

**Fortau Esso Skjoldskiftet **

Fortau forbi Esso på Skjoldskiftet er justert og fortauskant mot bensinstasjonen er justert for å samsvare med gjeldande reguleringsplan. Tiltaket sto ferdig i 2024.

**Fv. 560 Krossleitet **

Gang- og sykkelveg og ein busslomme er oppgradert og etablert på Krossleitet i 2024.

**Fv. 560 Søre Fjellaveien **

Framkome for kollektivtrafikk og anna køyretøy er betra ved uoversiktlege svingar på Søre Fjellaveien. Det er etablert 150 meter med nytt fortau og ein busslomme er oppgradert.

**Oppgradering fortau **

I 2024 utførte driftskontraktane oppgradering av totalt 2,43 km fortau, som hadde svært lav standard. Dette er fortau med dårleg dekke, lave kantar, etc. Fortau er oppgradert på desse strekningane:

- Fv. 5454 S1D1 oppgradert fortau Knarvik
- Fv. 5476 Skarsvegen fortau og gangveg
- Fv. 5452 Hillesvåg bru
- Salhusvegen Fv. 5300 S1D1
- Birkelundsbakken

I tillegg er fortau oppgradert i samband med andre investeringstiltak

**Handtering av overvatn **

Det er utført tiltak over driftskontraktane for å betre framkome for mjuke trafikantar. Tiltaka er knytt til handtering av overvatn, drenering etc. og er utført på desse stadane:

- Byvegen Fv. 583: drenerer/kum
- Strønevegen Fv. 5154: ny hjelpepumpe og stikkrenne
- Kalvedalsveien Fv. 585: gjenopning av gammal kjeftesluk.

Justering fartshumpar

I 2024 er fartshumpar justert i Breiviksdalen.

Rekkverk

Fleire strekningar har fått oppgradert rekkverk i 2024. Til saman er 3,74 km oppgradert over driftskontraktane:

- Fv. 5476 Skarsvegen
- Fv. 57 Gymnasbakken
- Fv. 5486 Toskavegen
- Fv. 5110 Hålandsdalen
- Fv. 585 Birkelundsbakken

I tillegg er rekkverk oppgradert i samband med andre investeringstiltak.

Skjeringar med grensesnitt til mjuke trafikantar

Fjellskjeringar med grensesnitt til mjuke trafikantar er utbetra for å sikre mjuke trafikkantar frå nedfall av stein på desse strekningane:

- Fv. 5454 S1D1 Knarvik fk
- Fv. 565 Alverflaten
- Fv. 5194 Elvanesvegen
- Fv. 556 Straumeveien
- Fv. 5188 Nordåsvegen
- Fv. 546 Krokeidevegen
- Fv. 5300 Salhusvegen

I tillegg er fjellskjeringar oppgradert i samband med andre investeringstiltak.

Sandvikstorget-Glass Knag

Tiltak realiserast i regi av Statens vegvesen. Rekneskap hos fylket i 2024 er knytt til grunnverv.

Under prosjektering

Oppgradering av veg ved Sædalselven

Det er stort behov for tiltak da strekninga vert over-
svømt ved flaum som gir store utfordringar for alle
trafikanter. Det ligg føre vedteken områdeplan frå
2020 der strekninga inngår. Prosjektering og forbered-
dande arbeid har haldt fram i 2024.

Rekkverk Kringsjøvegen

Dårleg gjerde/rekkverk på strekning over høy mur skal
skiftast ut langs fortau mot gravplassen på Laksevåg.
Det er høgt utfor og det har kome mange bekymrings-
meldingar, då det er mange skulebarn som ferdast på
strekninga. Prosjektering og avklaring av løysing har
pågått i 2024.

Fv. 587 Grimesvingane, strakstiltak

Arbeid med prosjektering og vurdering av vidare hand-
tering, på bakgrunn av forprosjekt, starta opp i 2023 og
har haldt fram i 2024.

C. Sundts gate

C. Sundts gate er ei strekning på om lag 650 meter med
ei trafikkmengd på 2000-3600. Vegdekket er varierende
mellom asfalt og brustein og har jamt over store mang-
lar som følge av setningsskadar, hol og overvassproble-
matikk. Det manglar separat tilbod til syklende, fortau
er smale og manglar universell utforming, samt leiar
gåande over større utflytande avkøyrslar og trafikkareal
langs strekninga. I 2024 starta arbeid med forprosjekt
inkl. grunnboringar for å vurdere aktuelle løysingar som
betrar trafikktryggleik og framkome for gåande, syklan-
de og anna trafikk i C. Sundts gate. Det er og trong for å
vurdere bereevne i andre sentrumsgater.

Prosjekt under planlegging

Fv. 587 Søylen Sundsbrua

Søylen Sundsbrua på Hardangervegen har snart nådd si
estimerte levetid (2030) og har større skader. Brua er sær-
sær viktig for å oppretthalde framkome og redusere sårbarheit
i trafikkavviklinga i Bergen. Ny bru vil inkludere tilbod for
gåande og syklende, sikre framkome for kollektivtrafikk
og anna transport. Grunnboring er utført. For å sikre
naudsynt areal vart det i 2022 starta arbeid med formell
reguleringsplan. Utarbeiding av planforslag har heldt fram
sidan oppstart, men i 2024 vart det inngått minneleg avta-
le og prosess for byggesakshandsaming starta opp.

Effektiv arealbruk

Gjennom areal- og parkeringsplanar og aktiv knutepunktutvikling jobbar partane i Miljøløftet for å sikre ei kompakt og miljøvennleg byutvikling som gir mindre behov for personbiltransport i bergensområdet.

Byvekstavtalen er ein integrert del av regional og kommunal planlegging. I tråd med føringane i byvekstavtalen skal Regional areal- og transportplan for bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland, så vel som avtalekommunane sine kommunepplanar, oppdaterast slik at dei bidreg til å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk i avtaleområdet.

Kapittelet gir ein status på Miljøløftet-kommunane sitt arbeid med forpliktingane rundt areal og parkering som ligg i byvekstavtalen. Anna relevant strategi- og planarbeid knytt til satsingsområda til Miljøløftet i 2023 blir òg presentert.

Alver kommune

ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Alver kommune har etter kommunesamanslåinga gjort eit omfattande arbeid i prosessen med ny, samla kommuneplan. Samfunnsdelen av denne vart godkjent i mai 2022. Alver opplever ei vesentleg tilflytting til sentrale strøk, samstundes som heile kommunen skal takast i bruk. Kravet om effektiv arealbruk er balansert i den vedtekte samfunnsdelen av KPA, medan den praktiske løysinga på arealbruken vert nedfelt i kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet for arealdelen vart vedteke seinhausten 2022. I 2023 og 2024 har det vore arbeidd med utgreiingar og kartleggingar basert på mange ulike innspel. Arealdelen av kommuneplanen er planlagt sendt ut på høyring våren 2025.

Knarvik er det naturlege hovudknutepunktet for mobilitet i Alver. Det er her planar om omfattande utbygging av tilbod for gåande og syklande i den nye og framtidige Knarvikbyen. Dette skal bli realisert gjennom mellom anna privat-offentlege utbyggingsavtalar, både noverande og nye. Sjølv om det var ein del redusert utbyggingsaktivitetar under og etter korona-perioden, har det samstundes vore utført mykje administrativt tilretteleggingsarbeid både i 2023 og i 2024. Delar av anleggsarbeidet vart starta fysisk opp i 2023 og med auka aktivitet i 2024. I dette inngår gatetun med gjennomgåande gang- og sykkeltrasé sentralt i Knarvik.

I 2024 har det vore aktivitet med prosjektering, sal og bygging av fleire hundre leilegheiter og fleire tusen kvadratmeter forretningsareal. Frå desse vil det vere kort gangavstand til offentleg kommunikasjon med mellom anna ekspressruter og snøggått til og frå Bergen.

På Frekhaug Senter har det også pågått utbygging og sal av sentrale leilegheiter og forretningsareal, med tilsvarende kort avstand til kommunikasjon med buss og båt.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det også definert andre sentra i kommunen og korleis desse er meint å fungere som knutepunkt og autonome sentra, men med god offentleg kommunikasjon til regionsenteret Knarvik og vidare til og frå Bergen.

ARBEID MED PARKERING

Parkeringssituasjonen i Knarvik kan vere utfordrande, særleg for pendlarar. Kommunen har måtta innført tidsavgrensing og betaling på sine parkeringsområde grunna kapasitetsutfordringar. Noko av årsaka har vore at innfartsparkeringa på Flatøy har vore stengt for ombygging i 2024.

ANDRE AKTIVITETAR

Alver har gjennom 2024 hatt tett og god dialog med Skyss om både bussruter og fysisk utforming av buss- og sykkelstasjonar. Vidare har det vore dialog om innføring av nye mobilitetsløysingar, som Nabogo og Hent Meg, men grunna manglande kapasitet i Skyss har dette førebels ikkje ført fram. Dette vil bli følgt opp vidare. Det same gjeld å få på plass ein fornya mobilitetsplan for Nordhordland for dei komande åra.

Kommunen har elles vore arrangør og med-arrangør for utoverretta verksemd med den europeiske Mobilitetsveka, Sykle til jobben-aksjonen og premiering av reisande som tek buss i staden for privatbil. Kommunen har også arbeidd med å sikre tilbodet med bildeleordning i sørøst del av Alver.

Askøy kommune

ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Askøy kommune har arbeidet med rulleringen av kommuneplanens arealdel og denne har vært på høyring høsten 2024. Planen definerer sentrumsområder med

vekstsoner for fortetting, og legger føringer for den fremtidige arealbruken. Den har krav om at det skal utarbeides mobilitetsplaner i forbindelse med større reguleringsplaner. Mobilitetsplanen skal vise hvordan planen eller tiltaket bidrar til å følge opp kommunens arealstrategi, og oppnå målet om aktiv transport og nullvekst i personbiltransporten.

Det arbeides også med omregulering av plan 213 Kleppestø sentrum, hvor Kleppestø skal utvikles til et attraktivt sentrum og hensynet til myke trafikanter skal prioriteres i planarbeidet.

ARBEID MED PARKERING

Kommuneplanens arealdel legger føringer for parkering, inkludert innfartsparkering. Det er gjort vedtak om innføring av betalingsparkering på offentlige parkeringsplasser, men dette vedtaket er ikke iverksatt ennå, da innretningen av ordningen utredes nærmere.

ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

Mobilitetsstrategi

Det skal utarbeides en Mobilitetsstrategi for Askøy kommune hvor man ser på flere mobilitetsformer, og hvor gange og sykkel inngår. I 2024 er det arbeidet videre med kunnskapsgrunnlag for strategien. Dette arbeidet fortsetter i 2025.

Bergen kommune

ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKT-UTVIKLING

Bergen kommunes arealdel KPA2018 ble vedtatt i 2019, og bygger opp under ambisjonen om å gå fra bilbasert by, til kompakt gåby i tråd med byvekstavtalen. Bergen kommune har i 2024 startet arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel. Byrådets mål for rullering er flere boliger, mer næringsutvikling, raskere saksbehandling og fortetting med lavere konfliktnivå.

Det pågår planer som oppfølging av KPA2018:

MINDEMYREN

Mindemyren er under transformasjon til Mindebyen. Hovedmålet for Mindemyren er å bygge en kompakt bydel som folk kan trives i. Området er endret fra å være tilrettelagt for biler og industri, til et område hvor folk kan gå, sykle og bevege seg mer fritt. Bybanen til Fyllingsdalen åpnet i 2022, og med en transportkapasitet for 20 000 mennesker baner den vei for realisering av et stort antall boliger og næringsvirksomheter. Områdereguleringsplanen for Mindemyren er delt inn i 25 delområder, og det pågår planer i 18 av disse.

I 2024 ble områdereguleringsplan for Mindemyren nord vedtatt. Planområdet omfatter delfeltene S16 og S17, og inkluderer torg, parkarealer og randsonen rundt Solheimsvannet. Hensikten med planen er å legge til rette for boliger, barnehage, næringsvirksomhet og kontorer. Planen inneholder et kommunalt flerbruksbygg som skal inkludere barneskole, idrett, kultur, frivillighetssentral, omsorg-pluss-boliger og et aktivitetssenter.

LAKSEVÅG

Offentlig og privat planarbeid på Laksevåg er i prosess. Det er tre offentlige og fire private planer som skal samordnes. Det jobbes med overordnede avklaringer knyttet til blant annet bybanetrasé på Laksevåg, som berører alle planarbeid på Laksevåg i form av innhold og fremdrift.

Det pågår arbeid med områdereguleringsplan for Indre Laksevåg for å sikre gode forbindelser mellom Laksevåg, Damsgårdssundet og sentrum.

Områdeplan for Laksevågneset skal legge til rette for transformasjon av dagens industriområde til en bydel med boliger, næring og andre funksjoner, som ny ungdomsskole med idrettshall. Det skal legges til rette for gange, sykling og kollektivreiser i dagliglivet der framtidig bybanetrasé skal sikres.

For å sikre forutsigbarhet og fremdrift i pågående planprosesser har Plan- og bygningsetaten i Bergen kommune initiert et opplegg for å sammen finne de beste løsningene for transformasjonsprosjektene på Laksevåg. Målet med dette arbeidet er å sikre felles forståelse av hva som skal til for å skape gode byområder rundt Puddefjorden, samt jobbe med å finne avklaringer knyttet til felles overordnede plantema. Dette er avklaringer som vil hjelpe alle planarbeidene til å finne løsninger og gi ny forutsigbarhet i de videre prosessene. I arbeidet med planer rundt Puddefjorden er det avholdt flere møter med grunneiere og eiendomsutviklere i 2024.

ARBEID MED PARKERING

Bergen kommune bruker boligsoneordningen i og omkring Bergen sentrum som et virkemiddel for parkeringshåndtering. Hovedformålet er å skape et mer attraktivt bomiljø, og samtidig bedre parkeringsforholdene for beboerne. Det er ikke vedtatt innføring av nye boligsoner i 2024, men Bergen kommune har kartlagt følgende områder for vurdering av utvidelse av boligsonordningen: Sør for Krambua, Landås, Melkeplassen og Ytre Sandviken.

Bjørnafjorden kommune

ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKT-UTVIKLING

Områdeplan for Osøyro blei vedtatt i 2024. Planen legg opp til ein transformasjon og fortetting i regionsenteret. Kommunen varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for ny kollektivterminal og parkering i fjellhall. Dette grepet er ein føresetnad for å realisere områdeplanen og kunne få meir handel, kontor og bustadar på Øyro. Parkeringsnorm i områdeplanen er mellom 0,5 - 1,2 per bustad. Det er etablert ei frikjøpsordning som vil sikre at desse kan etablerast i fjellhallen og ikkje i senterområdet der folk skal gå og sykle.

Parkeringsstrategi for Osøyro blei vedtatt i 2023 og det blei innført parkeringsavgift på dei fleste parkeringsplassane same år. I 2024 blei det også innført parkeringsavgift ved Oseana.

I 2024 blei det starta på ny områdeplanprosess for Lyseparken. Det er selt fleire tomter, blant anna til Posten. Ny plan skal tilpassast utbyggjarane som skal inn i parken og interessentar som er aktuelle for å etablere seg her. Venta arbeidsplassar er redusert frå 12 500 til 2 500.

SYKKELSTRATEGI

I 2024 kjøpte vi inn sykkelboksar. Desse blei plassert i Osøyro. Det er planlagt å plassere boksar på Moberg nær kollektivhaldeplass. Det blei bestilt inn fleire til Lyseparken som vil settast opp når gang- og sykkelveg til Lysefjorden opnar. Kommunen har arbeida med reguleringsplan for gang- og sykkelveg til Søfteland. Denne vil sikre samanhengande gang- og sykkelveg heilt frå Nesttun i Bergen til Lysefjorden via Lyseparken. Det blei også nytta midlar til å etablere eit fortau langs kommunal veg i Osøyro sentrum, frå Byvegen til Os barneskule.

STRATEGI FOR GRØN MOBILITET

Kommunen jobba vidare med grøn mobilitetsstrategi i 2024. Strategien blei ferdig og vi ventar vedtak i februar 2025.

Øygarden kommune

ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKT-UTVIKLING

Mange av dei overordna måla og strategiane som er vedteke i kommunen sin samfunnsplan er samfallande med dei mål og forpliktingar som ligg til kommunen gjennom byvekstavtalen. Samfunnsplanen definerer også senterstruktur for kommunen. Senterstrukturen vil vera førande for prioriteringar av nye prosjekt til kommande handlingsprogram. Kommunen er i gang med eit arbeid for strategisk planprogram for Straume sentrum og områdeplan for Straume sentrum nord. Strategisk planprogram skal mellom anna innehalda langsiktige strategiar og prinsipp for arealbruk og tema som mobilitet, natur, klima og energi.

Arbeid med kommuneplanen sin arealdel vert starta opp gjennom eit strategisk planprogram, som både skal ta for seg rammene for planarbeidet og prinsipp for arealpolitikken i Øygarden kommune. Det er lagt til grunn ein framdriftsplan med mål om vedtak av arealdelen innan sommaren 2027.

ARBEID MED PARKERING

Det er i 2024 gjennomført eit prosjekt for å få framstilt og skildra ulike parkeringsscenario for regionsenter Straume og prosjektet er eit godt grunnlag for vidare arbeid med parkeringsstrategiar. Overordna bestemmingar for parkering vil bli eit tema i kommande arealdel til kommuneplanen. Til kommunen har kome vidare med dette arbeidet er overordna krav til parkering/normer for parkering fastsett i kommuneplanane frå dei tre opphavlege kommunane.

ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

Arbeid med trafikk- og mobilitetsanalyse for regionsenter Straume vil gjennom strategisk planprogram for Straume gje føringar for framtidas mobilitet i regionsenteret.

Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet

Sekretariatet koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen mellom partane i Miljøløftet. Sekretariatet legg til rette for god porteføljestyling, og syter for jamleg rapportering på økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har og eit ansvar for ekstern kommunikasjon. Det er ei viktig oppgåve å fortelje kvifor vi har Miljøløftet, og bidra til å endre haldningar og motivere til nye handlingar.

KOMMUNIKASJON OG HALDNINGSSKAPANDE ARBEID

Vi vil synleggjere tiltaka vi gjennomfører, fortelje kvifor dei er viktige og vise korleis kvar og ein av oss kan bidra til nullvekstmålet for personbiltrafikken gjennom våre reisevanar.

Sykle til jobben i alle kommunar

Sykle til jobben-aksjonen vart markert i Miljøløftet også i 2024. Som i fjor var det morgonutdelingar, gratis sykkelservice og andre aktivitetar fleire stadar i alle avtalekommunane for å skape blest om aksjonen. Mellom 14. april og 6. mai var det til saman 18 arrangement, med sykkelservice på 12 av dei. Miljøløftet dekkja påmeldinga for alle deltakarar i avtalekommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden, medan Bergen kommune dekkja påmeldinga for deltakarar i Bergen. 3669 personar i Miljøløftet-kommunane deltok i Sykle til jobben, ein nedgang på 8 prosent frå i fjor. Samla lengde for aktivitetane deira var på 711 851 kilometer.

Sykle til kamp

I samarbeid med Bedriftsidretten, Sportsklubben Brann og Bergen kommune, og med støtte frå EU-prosjektet Active Cities, starta Miljøløftet ein kampanje som skal oppmode publikum til å bruke sykkelen når dei skal på Brann-kamp. Syklistane fekk gratis, be- manna sykkelparkering, og dei 30 første fekk gratis sykkelservice under fotballkampen. Alle som sykla var med i trekninga av kampbillett til dei neste kampane i sesongen. Sykle til kamp blei arrangert under åtte kampar i vår og haust, for både kvinne- og herrelaget sine kampar.

Mobilitetsveka

Den årlege europeiske mobilitetsveka vart arrangert 16. – 22. september. Veka vart markert med folkeliv og arrangement i alle Miljøløftet-kommunane. Det var sykkelservice og morgonutdeling av smoothie og

smågåver til folk som gjekk, sykla og reiste kollektivt fleire stader i løpet av veka. Trialsyklistane i MOOW imponerte med sitt sykkelshow ved Os Idrettspark og Nore Neset ungdomsskule i Bjørnafjorden, Tveit skule og Klepppestø senter på Askøy, Lindås skule og AMFI Knarvik i Alver, Spildepollen og Bildøy i Øygarden og på Torgallmenningen i Bergen sentrum under Bilfri dag. I Kultursalen på Straume vart det arrangert lunsj-seminar om smarte reiseval i samband med bygginga av ny Sotrabru, der mellom anna samkøyring var eit tema. Filmen «When we cycle» blei også vist på Kulturhuset i Bergen under Mobilitetsveka.

I Bergen vart Bilfri dag markert som ein del av Mobilitetsveka, laurdag 21. september. Vaskerelven, Veiten, Engen og Øvre Ole Bulls plass vart stengt for biltrafikk. Gatene vart i staden fylt med aktivitetar, liv og røre. Aktivitetsløype for barn, ansiktsmåling, smoothie-syklar, ombruksmarknad og gatekonsert med bandet Naboen min var noko av det som kunne opplevast.

Kampanjar

Haldningsendrande arbeid er ein del av kommunikasjonsarbeidet i Miljøløftet. I 2024 lanserte vi ein reisevane-kampanje der ulike kjendisar blei utfordra på å ta grøne reiseval i kvardagen. Artist Michelle Ullestad, forfatter Irene Kinunda Afriyie, Tid for hjem-profil Einar Nilsson og Alver-ordførar Sara Hamre Sekkingstad blei filma mens dei måtte løyse utfordringar, utan å bruke bil. Videoane fekk til saman over ein million visningar i sosiale medium.

Som tidlegare år hadde Miljøløftet ein kampanje på vintersykling i november og desember for å få fleire til å forlenge sykkelseasonen. Syklistar som kjøpte eit piggdekk fekk spandert det andre av Miljøløftet. Dekkskift, også for eigne dekk, var også inkludert. Tilbodet gjaldt i alle Miljøløftet-kommunane. Til saman vart 295 dekk levert ut, og det vart gjort dekkskift på over 362 sykklar.

Spørjeundersøking

Den årlege spørjeundersøkinga om kjennskap og haldningar til Miljøløftet vart gjennomført i desember. Av dei om lag 1800 spurde personane, svarte 63 prosent at dei har høyrte om Miljøløftet, eit prosentpoeng mindre enn året før. Det var ein oppgang på to prosentpoeng i andelen som har positive haldningar til Miljøløftet. 71 prosent av dei som har høyrte om Miljøløftet, svarte at dei er positive eller svært positive.



Fylkesordfører Jon Askeland var på plass under opninga av Paradis bru. Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune.



I august feira vi opning av prosjektet i Kvernhusdalen, med tale og snor-klipp frå Askøy-ordfører Yngve Fosse. Foto: Erlend Otterå.



Under Mobilitetsveka blei det arrangert sykkelshow i alle Miljøløftet-kommunane - her på Tveit skule på Askøy. Foto: Bergen Live.



Aktivitetssløype på Bilfri dag. Foto: Thor Brødreskift.



Bandet Naboer min spelte i Vaskerelven på Bilfri dag. Foto: Thor Brødreskift.



Publikum fekk tilbod om gratis sykkelparkering og -service under fleire Brann-kampar i 2025. Foto: Anders Kjetland.

OPNINGAR OG MARKERINGAR

Sekretariatet har vore til stades på fleire opningar og markeringar, og har samstundes synleggjort tiltak, opningar og andre aktuelle hendingar i sosiale medium og på nettsida til Miljøløftet.

14. mars blei byggestart i Hatvikvegen i Bjørnafjorden markert, der ordførar Terje Søviknes sette i gang med eit symbolsk første spadetak. Byggestart i Grønamyrvegen i Øygarden og på sykkelstamveg mellom Bradbenken og Glass Knag i Bergen sentrum, vart også markert i samband med Sykle til jobben-aksjonen, høvesvis 3. og 6. mai.

I august blei opning av Kvernhusdalen, det første Miljøløftet-prosjektet gjennomført i Askøy kommune, markert med kake, synging av barna i Haugen barnehage og snorklipp av ordførar Yngve Fosse.

Over 400 skuleelevar var på plass under den offisielle opninga av gang- og sykkelbrua Paradis bru. Brua er verdas tyngste og lengste komposittbru, med 42 meter og ei vekt på 48 tonn. Opninga vart elles markert med tale og snorklipp frå fylkesordførar Jon Askeland, nasjonalsangen framført av Paradis skulekorps og bollar, jus og kaffi servert til alle frammøtte.

ANNA ARBEID I SEKRETARIATET

Sekretariatet har ansvaret for å koordinere samarbeidet mellom partane i Miljøløftet, arrangere møte, førebu saker og skrive referat. Sentralt i arbeidet står rulleringa av handlingsprogrammet, frå prosjektark blir utarbeida og levert, til handlingsprogrammet er vedteke.

Sekretariatet har også ansvar for å samle og presentere rapportering på økonomi, prosjektstatus og måloppnåing i Miljøløftet. Rapporteringa blir samla i årsmeldinga. I tillegg rapporterer sekretariatet tertialsvis på økonomien i Miljøløftet.

I 2024 er det halde sju møte i Styringsgruppa for Miljøløftet. Det har også vore eit møte i politisk styringsgruppe for Miljøløftet, der politisk leiing i departementa er representert.

Prioriteringsrådet har hatt 11 møte. Det har også vore jamlege møte i samordningsfunksjonen, der sekretariatet deltek saman med leiarane for dei geografiske arbeidsgruppene. I april arrangerte sekretariatet og arbeidsgruppene ein fagdag.

Elles har Miljøløftet blitt med i eit forskingsprosjekt, PURIST, som skal undersøke ulike samkøyringstenester, inkludert pilotprosjektet på Askøy og Øygarden. Transportøkonomisk institutt og NTNU står bak prosjektet, og Miljøløftet er med som ein av fleire samarbeidspartar. I november deltok sekretariatet på eit opningsseminar for prosjektet.

Bypakke Bergen

Det skal bli mindre attraktivt å velje bil til personreiser i tettbygde strøk. Med bompengepakka Bypakke Bergen har Miljøløftet eit godt verktøy for å dempe trafikkvekst og dermed bidra til målet om nullvekst i personbiltrafikken.

I desember 2017 blei Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland (Stortingsproposisjon 11S, 2017-2018) vedteken. Dette innebar ei utviding av bomsystemet med 15 nye bomstasjonar, saman med innføring av miljødifferensierte takstar. Dei nye bomstasjonane opna 6. april 2019, og miljødifferensierte takstar blei innført i 2018.

I 2024 blei det registrert 94,17 millionar passeringar gjennom Bypakke Bergen sine bomstasjonar. Det er ein auke på 0,2 prosent samanlikna med året før, då talet passeringar var 93,94 millionar. I januar 2024 var det mykje snø og vanskelege køyreforhold med fleire


dagar der bergensarane vart tilrådd ikkje å køyra. Dette medførte at trafikken var om lag 5 prosent lågare i januar 2024 mot januar 2023.

Prosentandelen passeringar med nullutsleppskøyretøy av totalt antal passeringar var i desember 2024 på 49,9 prosent. Dette er ein auke frå 44,2 prosent i desember 2023. For året 2024 som heilskap enda nullutsleppsdel på 46,7 prosent.

Takstane i Bypakke Bergen blei prisjustert frå 1. januar 2024 basert på ein prisvekst på 3,34 prosent.

Gjennomsnittstaksten i Bypakke Bergen starta på 12,22 kr i januar 2024. Denne gjekk ned til 11,25 kr i desember 2024. Årsaka til endringa er ei veksande mengde elbilar, med tilhøyrande rabatterte takst, utover året.

Bompasseringer



Det vart etablert 15 nye bomstasjonar i april 2019. For å sikre at bompasseringane kan samanliknast over tid, er det her gjort eit skilde mellom dei «gamle» og dei «nye» bomstasjonane. Antal passeringar i dei gamle stasjonane i 2024 er sett mot antall passeringar i dei gamle stasjonane i referanseåret 2018. For dei nye stasjonane er antal passeringar mellom mai og desember 2024, sett mot antal passeringar i same periode i opstartsåret 2019.

Del
03

Økonomi



Oversikt

Tiltaka som vert finansiert gjennom Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet for bergensområdet.

Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027, år 2024, er utgangspunktet for finansieringa i 2024. Handlingsprogrammet vert vedteke med atterhald om finansiering i statsbudsjett og fylkesbudsjett, og med ei forventta bompengerinntekt.

Tabellane på dei neste sidene syner forbruk i 2024 sett opp mot handlingsprogrammet og tilgjengeleg finansiering i 2024. Den tilgjengelege finansieringa er summen av løyvingar i 2024 og eventuelt overførte midlar frå tidlegare år. Eventuelle avvik blir kommentert over. Miljøløftet blir finansiert av følgjande ulike kjelder.

Statlege midlar

POST 30: PROGRAMOMRÅDETILTAK PÅ RIKSVEG

Om lag 4,5 mrd. (eit årleg gjennomsnitt på 408 mill. i 2020-kr.) skal setjast av til framkometiltak for kollektivtrafikk, syklande og gåande i avtaleperioden. Midlane kan også nyttast på kommunale og fylkeskommunale gang-, sykkel- og kollektivtiltak, avgrensa til investeringar. Midlane vert indeksert.

POST 63: SÆRSKILT TILSKOT TIL STORE KOLLEKTIVPROSJEKT

Finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen vart avslutta i 2023. 96 mill. vart innbetalt av Statens vegvesen i 2023 over post 63. Finansiering av Bybanen til Åsane (byggetrinn 5) er ikkje avklart.

POST 66: BELØNNINGSORDNINGA BYVEKSTAVTALER

Belønningsmidlane skal bidra til betre framkome, miljø og helse i storbyområde, ved å dempe auken i personbiltransport og auke talet på kollektivreiser. Mid-

lane frå belønningsordninga, 314 mill. 2020-kr. årleg, vert fordelt med 280 mill. til Skyss (drift kollektiv), og resten til deltakarkommunane. Tilskotet vert indeksert. Unytta tilskot vert sett på fond hjå fylket til seinare års bruk.

POST 66: REGJERINGA SI BOMPENGEAVTALE

Frå 2020 vart det utbetalt eit tredelt tilskot til reduserte billettprisar (50 mill. 2020-kr. årleg), tilskot til reduserte bompengar (55 mill. 2020-kr. årleg), og tilskot til betre kollektivtilbod (55 mill. 2020-kr. årleg). Tilskotet vert indeksert. Ubrukt tilskot har tidlegare sett på fond hjå fylket til seinare års bruk. I 2022 opna regjeringa opp for at tilskotet til reduserte bompengar kunne nyttast til betre kollektivtilbod, dersom det var lokalpolitisk semje om det. Med bakgrunn i lokalpolitiske vedtak i fylkestinget og bystyret, vedtok styringsgruppa for bypakke Bergen i desember 2022, at heile tilskotet til reduserte bompengar frå og med 1. mars 2023 skal nyttast til betre kollektivtilbod.

Jernbanetiltak i Miljøløftets avtaleområde vert fullfinansiert av staten, investeringar på jernbane inngår ikkje i Miljøløftet si økonomiske oversikt.

Fylkeskommunalt bidrag

Byvekstavtalen fastset eit årleg bidrag frå Vestland fylkeskommune på 270 mill. 2020-kr. Midlane vert indeksert.

Bompengar (Bypakke Bergen)

Bompengereinnskrevjinga i Miljøløftet er forankra i Prop. 11 S (2017-2018). Inntekter frå bompengepasseringar kjem fram av årsrapporten til Ferde, og var 1 104 mill. i 2024. Netto bompengereinntekter var 851 mill.

Byvekstavtalen 2024

Oversiktstabell

Finansieringskjelde (tal i 1000-kr.)	HP2024-2027 år 2024	Løyving 2024	Overført frå tidlegare år	Til disp 2024	Rekneskap 2024	Avvik
Fylkeskommunalt bidrag	304 200	80 874	0	80 874	80 475	399
Post 30 Statlege programområde- midlar (til riksveg)	179 600	169 102	9 201	178 303	65 797	112 506
Post 30 Statlege programområde- midlar (til kommunal og fylkesveg)	158 300	114 100	148 878	262 978	153 750	109 228
Post 63 Statleg tilskot til store kollektivtiltak	0	0	0	0	0	0
Post 66 Statlege belønningsmidlar, drift kollektiv	325 000	325 488	0	325 488	336 000	-10 512
Post 66 Statlege belønningsmidlar, regjeringens bompengeforlik	177 000	184 100	30 500	214 600	165 291	49 309
Post 66 Statlege belønningsmidlar, til kommunane	58 000	39 512	15 556	55 068	43 527	11 541
Totalsum	1 202 100	913 176	204 135	1 117 311	844 840	272 471

Prosjekt finansiert av Statlege Post 30-midlar

	Område	Miljøløftet-prosjektnamn (frå HP24-27)	HP2024- 2027 år 2024	Løyving 2024	Overført frå tidle- gare år	Til disp 2024	Rekne- skap 2024	Avvik	Kommentar avvik
Gange og sykkel	Bergen	E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrek- ning 5, Kristianborg–Bergen sentrum	81 600	100 000	-59 320	40 680	315	40 365	Opna for trafikk i 2023, står att noko arbeid med avklaring av grunnerv. Mindreforbruk kan varig omdisponerast andre prosjekt i Byvekstavtale Bergen
	Bergen	E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	38 800	39 102	-39 654	-552	1 000	-1 552	Omdisponert 3,5 mill frå anna prosjekt. Resterande meirforbruk på 1,5 mill vil bli dekt av andre mindreforbruk i 2024
	Bergen	E39 Sykkeltamveg Bergen, del- strekning 2, Nesttun-Skjold	50 000	30 000	28 173	58 173	15 081	43 092	Mindreforbruk kjem av forskyvingar i utlysingen grunna reguleringsendringar
	Bergen	E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrek- ning 6, Bradbenken – Glass Knag	-	-	78 379	78 379	47 778	30 601	Mindreforbruk kjem av at utlysinga blei forskoven i tid
	Bergen	E16 Olav Kyrres gate	-	-	1 623	1 623	1 623	-	
		Delsum Post 30 Programområde- midler riksveg	170 400	169 102	9 201	178 303	65 797	112 506	
Gange og sykkel	Bergen	Fv5200 mfl. Infrastruktur Paradis	-	-	707	707	707	-	
	Alver	Fv5308 Utbedring av Sagstadve- gen i tidl. Meland kommune	11 400	11 400	17 800	29 200	17 900	11 300	Forskyving frå tidlegare år er årsaka til mindreforbruket
	Askøy	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	39 600	40 000	27 100	67 100	67 100	-	Det er gitt signal frå VLFK om varig innsparing på prosjektet, men endeleg beløp er endå ikkje kjent
	Askøy	Kv1158 Kvernhusdalen	-	-	19 099	19 099	14 000	5 099	Det er gitt signal frå VLFK om varig innsparing på prosjektet, men endeleg beløp endå ikkje kjent
	Bjørna- fjorden	Fv552 Etablering av trafikksik- ker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	35 000	35 000	47 100	82 100	38 850	43 250	Endra framdrift frå tidlegare år er årsaka til mindreforbruket
	Øygarden	Kv1136 Sentrumsgate Grønamy- svegen	27 700	27 700	34 900	62 600	15 193	47 407	Planlagt ferdigstilling seinsommaren 2025
	Øygarden	Kv1146 Kulvert Idrettsvegen	-	-	2 172	2 172	-	2 172	Mindreforbruket er ei varig innsparing som kan omdisponerast
		Delsum Post 30 Programområde- midler, kommunal og fylkesveg	113 700	114 100	148 878	262 978	153 750	109 228	
		Totalsum Post 30	284 100	283 202	158 079	441 281	219 547	221 734	

Prosjekter finansiert med fylkeskommunale midlar

Prosjektnamn i HP2024-2027 år 2024		HP2024-2027 år 2024	Løyving 2024	Rekne- skap 2024	Avvik
Gange og sykkel	Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg	55 500	20 900	32 249	-11 349
	Fv5190 Apeltunvegen	36 400	3 400	4 093	-693
	Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspu	15 900	7 000	4 354	2 646
	Sykkeltelling i Bergensområdet	2000	2000	616	1 384
	Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	51 000	66 655	72 199	-5 544
	Trafikksikkerhet	25 500	26 500	32 036	-5 536
	Planlegging fylkesveg	15 300	15 300	26 642	-11 342
	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	5 100	12 000	13 166	-1 166
	Fremkommelighetstiltak sykkel	3 600	5 100	5 491	-391
	Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd	1 000	1 000	124	876
	Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen BT4	0	0	19 250	-19 250
	Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet -Lyderhornsveien	150	150	288	-138
	(M) Fv 5348 Klostergaten	0	1 500	355	1 145
	Fv5200 Infrastruktur Paradis	0	31 500	43 736	-12 236
	(M) Allestadvegen - Skarphaugen sykkel	0	0	4	-4
	Fv552 Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	0	39 000	12 541	26 459
	Fv5452 Leknesvegen	0	0	36	-36
	Straksløsning Christiesgate	0	0	39	-39
	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	0	22 000	7 278	14 722
	(M) Nonneseter	0	0	405	-405
	Kleppevegen ved Myrane	0	55 000	8 311	46 689
Kollektivtransport	Kjøp av bybanevogner	40 000	40 000	40 000	0
	Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	17 000	25 000	25 000	0
	Gangveier til kollektivtraséer	12 100	12 100	12 100	0
	Oppgradering holdeplasser	8 200	13 000	7 871	5 129
	Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	3 100	6 000	4 171	1 829
	Oppgradering signalanlegg og ASP	1 500	1 500	1 250	250
	Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	500	500	0	500
	Fv5322 Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp	0	3 000	333	2 667
	Fyllingsveien, fortau og fremkommelighet kollektiv	0	0	245	-245
Anna	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	9 000	9 000	9 058	-58
	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	1 500	1 200	1 218	-18
	Hjellestadvegen	0	-339 431	-304 718	-34 713
	Planlegging av Bybanen byggetrinn 5 fra Bergen sentrum til Åsane	0	0	733	-733
Sum fylkeskommunalt bidrag		304 350	80 874	80 475	399

* Sjå tabellane *Planlegging fylkesveg*, *Standardheving av vedlikeholdskarakter* og *Trafikktryggleik* for kva enkeltprosjekt som inngår i desse pottane.

Planlegging fylkesveg

Fv.5354 Arna -Garnes, Garnesvegen Bommane – Rasmusvegen
Fv. 564 Salhusvegen, Ulsetstemma – Slettestølvegen
Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Alle'-Wergeland)
Fv. 5200 m.fl. Tunvegen -Jacob Kjødesveg, gang og sykkelveg
Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark
Natlandsveien-Landåssvingen-Mannsverk
Fv. 585 Nattlandsveien sør, Wier Jensensvei –Nye Sædalsveien
Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen
Fv. 5028 Kjøkkelvikegen, Fæsterhuset-Krabbedalen
Fv. 587 Søylen Sundsbrua (plan)
Fv. 5190 Apeltunvegen-Skjoldskiftet-Iglevatnet
Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg
Trafikkplan sentrum
Trafikkmodeller
Fv. 5216 Loddefjord terminal
Fv. 5170 Kollektivfelt Sandslivegen
Fv. 5174 Kokstadvegen, sykkel og kollektivfelt
Fv. 578 Åsamyrane, Nye Ikea - Hesthaugveien
Fv. 585 Haukelandsveien, miljøvennlig transport
C. Sundtsgate (forprosjekt)
Fv. 5364 Dag Hammarskjoldsveg (forprosjekt)
Andre forprosjekt
Andre planprosjekt

Standardheving med vedlikeholdskarakter, fylkesveg

Oppgradering av veg ved Sædalselven
Oppgradering fortau
Justering fartshumper
Hansaparken
Overvatnhandtering
Skjæringer med grensesnitt til myke trafikanter
Rekkverk
Sandvikstorget - Glassknag
Mur i Godvikvingene
Rekkverk Kringsjøvegen
Fortau Esso Skjoldskiftet
Fv. 552 Bøtre bru, Hatvikvegen
Fv. 560 Søre Fjellavegen
Fv. 560 Krossleitet gs
Fv. 587 Grimesvingene - strakstiltak
Standardheving med vedlikeholdskarakter (overordnet)

Trafikksikkerhet

Fv. 5356 TS-utredning Ådnemarka skolekrets
Fv. 5192 (183) Totlandsvegen (Midtun - Ulsmåg)
Fv. 5306 (240) Morvikvegen (Viddalen- Slettestølen)
Fv. 5298/5306 TS-utredning Haukedalen og Ulsetskogen skolekretser
Fv. 546 Fanavegen ved Stend vgs.
Fv. 5208 Kjøkkelvikegen og Skålevikeien
Fv. 558 Gravdal til Gyldenpris Fartsreduksjon
Fv. 577 Glassknag – Bradbenken Fartsreduksjon
Fv. 578 Ervikvegen / Åsamyrane
Fv. 5158 Sandalsringen
Fv. 5342 Sandviksveien
Fv. 5182 (177) Fleslandsveien
Fv. 5164 Hamrevegen
Fv. 5186 Steinsvikvegen
Fv. 0558 Lyderhornsveien
Fv. 0582 Fanavegen v Harald Skjolds vei
Fv. 5294 Ekrevegen/Reinane
Fv. 582 Nesttunvegen
Fv. 5338 Kaigaten
Fv. 578 Eidsvågveien
Fv. 587 Hardangervegen
Fv. 585 Nattlandsveien - Nattlandsfj. - Mannsverk
Fv. 5180 Lilandsvegen
Fv. 5206 Gravdalsveien
Fv. 546 Krokeidevegen v/nr 24-44
Fv. 573 Hjellestadvegen - mindre ts

Post 66: Drift kollektiv

		HP2024-2027 år 2024	Løyving 2024	Overført frå tidlegare år	Til disp 2024	Rekneskap 2024	Avvik (fond pr. 31.12.24)	Kommentar
kollektivtransport	Drift kollektiv	324 500	325 488	30 149	355 637			
	Iverksette tiltak ved inngang til byvekstavtalen					249 000		Skyss:: Samla for heile 2023 er det nytta om lag 281,5 millionar i belønningsmidlar. I all hovudsak er desse midlane knytt til å vidareføre tiltak for styrkt kollektivtilbod som er gjennomført tidlegare år. Driftstiltak sett i verk eitt år, vil medføre årleg kostnad kvart år ut avtaleperioden. I 2023 er det nytta 5 millionar kroner til nye tiltak for styrkt kollektivtilbod i byvekstavtaleområdet.
	Styrking og omlegging av linjenett i Bergen					54 000		
	Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet					11 000		
	Styrking i Bergen sentrum linje 11					1 000		
	Etablering av regionstamlinje Bergen-Bjørnafjorden					7 000		
	Nullutslepp båt Bergen - nettoppgradering					10 000		
	Kommunikasjon: Få passasjerer tilbake til kollektivtrafikken					1 000		
	Samkøyring					3 000		
	Totalsum	324 500	325 488	30 149	355 637	336 000	19 637	

Post 66: Regjeringa si bompengeaftale

		HP2024-2027 år 2024	Løyving 2024	Overført frå tidlegare år	Til disp 2024	Rekneskap 2024	Avvik (fond pr. 31.12.24)	Kommentar
kollektivtransport	Tilskot til reduserte bompengar/betre kollektivtilbod	121 400	126 000	6 900				
	Planarbeid knytt til KDP Vest				1 000	-	1 000	
	Naudsynt teknisk minimumsbemanning				3 000	3 000	-	
	Vedlikehald bybanevogner og infrastruktur				35 000	0	35 000	
	Spesifikasjon av innkjøp nytt vognmateriell				3 000	3 000	-	
	Straksinnløyising sykkelveg				10 000	3 591	6 409	
	Redusert uttak av bompengar				74 000	74 000	-	
	Arbeid med plannlegge/gjennomføre innkjøp vognmateriell				4 000	0	4 000	
	Ikkje fordelt til tiltak				2 900	0	2 900	
	Totalsum	121 400	132 900	6 900	132 900	83 591	49 309	Midlane som er sett av på fond er planlagt brukt i 2025 med unntak av 2,9 mill. som vert lagt plan for bruk i løpet av våren 2025.

Post 66: Belønningsmidlar til kommunane

Post 66: Belønningsmidlar til kommunane	Løyving 2024	Overført frå tidlegare år	Til disposisjon 2024	Utbetalt til kommunane i 2024	Avvik (fond hos VLFK pr. 31.12.24)
Belønningsmidlar til Bergen kommune	27 620	10 702	38 322	35 390	2 932
Belønningsmidlar til Alver kommune	2 860	332	3 192	-	3 192
Belønningsmidlar til Askøy kommune	2 871	3 796	6 667	2 800	3 867
Belønningsmidlar til Bjørnafjorden kommune	2 418	1 132	3 550	2 000	1 550
Belønningsmidlar til Øygarden kommune	3 743	-406	3 337	3 337	-
Totalsum	39 512	15 556	55 068	43 527	11 541



Enkeltprosjekt finansiert av belønningsmidlar til kommunane

Prosjekt		Overført frå 2023	Utbe- talt i 2024	Om- dispo- nering 2024	Til disp 2024	Rekn- skap 2024	Avvik (fond i kommu- ne pr. 31.12.24)	Kommentar
Bergen								
Gange og sykkel	Oppfølging av handlingsplan for sykkel-satsing i Bergen kommune	19 180	11 220		30 400	16 602	13 798	Lavere bruk av belønningsmidler i 2024 enn budsjettert skyldes i hovedsak forsinkelser i flere enkeltprosjekter. Eksempelvis har tilpasninger i prosjektene grunnet parkeringssituasjon etter merknad fra Bergen bystyre til Handlingsplan for trafikksikkerhet medført forsinkelser i flere prosjekter. Midlene kommer dermed til anvendelse i 2025.
	Bysykkelordningen i Bergen		5 000		5 000	5 000	0	
	Sykkelbyavtale - Sykkelbyen Bergen	1 200	1 000		2 200	1 000	1 200	Ubrukte midler vil bli benyttet i 2025 og det arbeides med planer for dette.
	Kronstad - Haukeland vest sykkel-kobling		800		800	261	539	Prosjektet har et avvik mellom budsjett og regnskap per 31.12 som skyldes at det overordnede grepet for tiltaket ikke er bestemt enda. Det foregår diskusjon med andre vegeiere for å finne riktig plangrep. Det er gjennomført innledende innbyggerdialog. I 2025 skal prosjektet konkretiseres og midlene anvendes i 2025.
	Tiltak i handlingsplan for gange - bygging	2 844	6 950		9 794	7 000	2 794	Prosjektet ferdigstilles første halvdel av 2025 på grunn av høy kompleksitet og ressurskrevende avklaringer som har medført noen forsinkelser. Prosjektet har et mindreforbruk i forhold til budsjett for 2024. Dette skyldes tilpasninger og omprosjektering i anleggsfasen. Midlene kommer til anvendelse i 2025.
	Tiltak i handlingsplan for gange - plan		920		920	876	44	
	Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein				-	0	0	
	Kv3373 Bjørndalsbakken bru				-	0	0	
	Planmidler PBE		9 500		9 500	9 500	0	
Delsum belønningsmidlar til Bergen		23 224	35 390	-	58 614	40 239	18 375	
Alver								
Gange og sykkel	Strategiplan	300			300		300	
	Prosjektutgreiing	1 150			1 150		1 150	
	Sykkelpakke	294			294	6	288	
	Fysiske tiltak	2 000			2 000		2 000	
	Prosjektsamling belønningsmidler Alver	4 205	-		4 205	824	3 391	
	Trygg sykkelparkering	250			250	383	-133	
	Fv5452 Hillesvåg–Apalen, et.av G/S-veg		-		-		0	
Delsum belønningsmidlar til Alver		8 199	-	-	8 199	1 213	6 896	
Askøy								
Gange og sykkel	Oppfølging av sykkelstrategi	1 054	200		1 254	676	578	Etablering av trygg sykkelparkering, prosjektet vil kreve midler i 2025.
	Planleggingsmidler Askøy kommune	627	2 600	-555	2 672	1 182	1 490	Vakant stilling har ført til mindreforbruk i 2024.
	Kv 1158 Kvernhusdalen	-555		555	-	0	0	
	Trygg sykkelparkering				250	250	0	
	Delsum belønningsmidlar til Askøy	-269	3 750		3 481	2 105	1 376	

↓
Tabellen fortsetter neste side



Fortsettelse av: Enkeltprosjekt finansiert av belønningsmidlar til kommunane

	Prosjekt	Overført frå 2023	Utbe- talt i 2024	Om- dispo- nering 2024	Til disp 2024	Rekn- skap 2024	Avvik (fond i kommu- ne pr. 31.12.24)	Kommentar
Bjørnafjorden								
Gange og sykkel	Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard	1 816			1 816	811	1 005	Prosjektet skal fullfinansierast med post 30 i 2025 dersom vi får midlar. Kommunen har tatt ein økonomisk risiko på vegne av Vestland fylkeskommune og har starta bygging.
	Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune	613	1 000	1 265	2 878	1 310	1 568	
	Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune		1 000	403	1 403	368	1 035	Arbeidet med grønn mobilitetsstrategi blei ferdigstilt i 2024. Ventar vedtak i kommunestyret februar 2025.
Kollektiv	Berekraftig og attraktivt Osøyro	467			467	4	463	
	Delsum belønningsmidlar til Bjørnafjorden	2 896	2 000	1 668	6 564	2 493	4 071	
Øygarden								
Gange og sykkel	Fv Ågotnes Miljøgate	3 607			3 607	865	2 742	
	Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	2 400		-2 400	-	0	-	Overført midlar til prosjekt "Innfartsparkering Ågotnes"
	Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	400	200		600	0	600	0,2 mill. avsett til kommunalt fond
	Fv 209 Storevatnet og parsell av Foldnesvegen	3 888			3 888	1 468	2 420	Arbeid med områderegulering for sentrum Straume nord
	Kampanje haldningsskapande arbeid	70			70	10	60	
	Trafikkanalyse for regionsenter Straume	711	1 437		2 148	1 724	424	Arbeidet blir slutført februar 2025
	Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne inn- anfor mobilitet i Øygarden kommune	1 000	-		1 000	0	1 000	Ingen transaksjonar i prosjektet, midlar blir avsett til kommunalt fond. Tilsett ressurs som startar mars 2025
	Trafikksikringsplan Øygarden	1 000			1 000	522	478	Arbeid vil pågå til medio 2025
	Trygg sykkelparkering	250			250	14	236	Gjennomført
Inn- fartsparker- ing	Innfartsparkering Ågotnes	-292	1 700	700	2 108	0	2 108	1,7 mill. overført til inv.prosjekt "innfartsparker- ing Ågotnes"
	Innfartsparkering Ågotnes -investering	0	-	1 700	1 700	2 880	-1 180	1,7 mill. overført fra "Innfartsparkering Ågotnes"
	Delsum belønningsmidlar til Øygarden	13 034	3 337	-	16 371	7 483	8 888	
	Sum belønningsmidlar til kommunane	48 729	43 527	1 668	93 924	53 536	40 388	

Bypakke Bergen (2018–2037)

For Bypakke Bergen gjeld føringar frå stortingsproposisjon 11 S (2017-2018). Bompengepakka varar frå 2018 til 2037. Den første tabellen syner ei oversikt over netto bompengeinntekter og utgifter til bompengefinansierte prosjekt for åra 2018-2024. Den andre tabellen syner oversikt over aktivitet i 2024 sett opp mot kva som var forventa i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027 for år 2024.

Oversikt Bypakke Bergen (Prop 11 S)

BYPAPKE BERGEN (tal i 1000-kr.)	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bompengeinntekter							
Passeringsinntekter	704 370	1 032 584	1 021 930	995 234	1 020 242	1 131 146	1 104 097
Andre driftsinntekter	13 087	13 394	30 358	19 197	0	1 176	794
Driftskostnader	-72 086	-97 878	-104 120	-107 689	-68 649	-76 291	-79 463
Finansinntekter	2 624	3 158	6 287	109 571	11 063	36 854	22 020
Finanskostnader	-83 577	-111 611	-81 879	-61 926	-120 875	-215 393	-196 122
Netto bompengeinntekt	564 419	839 647	872 577	954 387	841 781	877 492	851 326
Utgifter til bompengeprojekt							
Bybanen III	170 000	20 000					
Ringveg vest II	45 000	6 100					
Hjellestadveien	79 000	10 660	30 000	3 582	39 845	45 100	22 461
Bybanen IV	160 000	659 000	700 000	923 000	824 452	50 000	110 024
Planlegging av Bybanen Bergen sentrum - Åsane	2 000	41 000	48 800	51 000	116 565	12 350	-288
Bygging av nye bomsnitt	30 000	35 000	1 415		2 160		179 797
Sandslikrysset		38 000					
Utgifter til bompengefinansierte prosjekt	486 000	809 760	780 215	977 582	983 021	107 450	311 994

Prosjekt finansiert av bompengar

Bypakke Bergen 2023 (tal i 1000-kr.)	HP24-27 (2024)	Rekneskap 2024	Avvik (HP 2024 minus prognose)	Kommentar
Brutto bompengeinntekt	-1 145 000	-1 104 097	40 903	I HP24-27 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst på 12,30 forventa 2024-kr og ein ÅDT på 250 tusen. Inntekta blei 40,9 mill. lågare enn HP la til grunn, og kjem hovudsakleg av ein redusert gjennomsnittstakst på 11,73 kr.
Netto drifts- og finanskostnader	286 000	252 771	-33 229	
Netto bompengeinntekt	-859 000	-851 326	7 674	
Førebuande arbeid med Bybanen BT5	265 300	179 797	-85 503	Uttak av bompengar i høve til årets og fjorårets aktivitet.
Bybanen IV	-	110 024	110 024	
Hjellestadvegen	-	22 461	22 461	
Planlegging av Bybanen V Bergen Sentrum-Åsane	-	-288	-288	Feilfakturering frå Bergen kommune i 2023 vart korrigert ut på året i 2024, og er grunnlag for naudsynt justering av rekvirert beløp.
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	265 300	311 994	46 694	
Netto bompengeinntekt minus rekvirering av bompengar		-539 332		Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2024 var om lag 539 mill. lågare enn prognosen for netto bompengeinntekter.

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland

Miljøløftet
Nygårdsgaten 112
5009 Bergen